




*Vinje kommune*

# Årsmelding 2019



## Innhold

RÅDMANNENS INNLEIING .....	3
ORDFØRAREN- Det politiske året 2019 .....	4
ØKONOMI .....	5
SAMFUNNET SETT GJENNOM TAL.....	14
MEDARBEIDARAR OG ORGANISASJON .....	14
PLAN OG UTVIKLING.....	21
NÆRING.....	23
SKULE .....	24
BARNEHAGE .....	27
HELSE, OMSORGS - OG SOSIALTENESTER .....	29
NAV.....	34
VINJE KJØKENDRIFT .....	35
VINJE REINHOLD OG TEKSTIL.....	36
BARNEVERNTEENESTA.....	37
SAMHANDLING I VEST-TELEMARK .....	39
TEKNISK DRIFT OG VEDLIKEHALD .....	39
KULTUR.....	41
VINJE KYRKJELEGE FELLESRÅD.....	44
REGIONALT SAMARBEID .....	45

## RÅDMANNENS INNLEIING

**Rådmannen legg med dette fram årsmelding for 2019. Årsmeldinga er utarbeidd i tråd med lov og forskrift, og inneheld dei framstillingar og opplysningar som det er krav om. Saman med årsreikneskapen er årsmeldinga ei viktig tilbakemelding frå administrasjonen til kommunestyret om kommunens drift og investeringar.**

Fyrst og fremst har 2019 handla om å levere gode tenester til innbyggjarane – kvar einaste dag i kvar einaste teneste. Det er vår viktigaste oppgåve for innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv. Dette arbeidet handlar i stor grad om å få til gode ordningar for tverrfagleg samarbeid som gjer at me i størst mogleg grad får til å gje skreddarsydde løysingar til den einskilde innbyggjar. Slik sett var auka samarbeid ein gjennomgangsmelodi i 2019. Nye prosjekt som skal gje betre løysingar vitnar om innovasjons- og endringsvilje i organisasjonen.

Vinje kommune står fram som vital og framoverlent når me initierer og blir med i prosjekt av regional, nasjonal og internasjonal verdi. Prosjektet IBSM, Inkluderande Barnehage- og SkuleMiljø, er eit prosjekt som lyfter heile oppvekstsektoren i Vinje. Det har skapt veldig gode samarbeidskår og gode resultat på trivsel og i arbeidet med betre samarbeid barnehage-skule-heim. Det er sterkt ynskjeleg å halde fram med prosjektet i to år etter offisiell prosjekttid som går ut i 2020.

Andre prosjekt å trekkje fram er HelseSamarbeid med midlar frå Forskingsrådet som går på rehabilitering i kommunen med involvering av privat næringsliv. COM 3, som er eit Interreg-prosjekt, vil truleg vere grunnlaget for ei kommunal overbyggjing eller hub for det private næringslivet med fokus på samarbeid, digitalisering og kommunikasjon. Ei PhD-stilling i kommuneadministrasjonen er på beddingen. Det tverrfaglege prosjektet «Eg er meg og du er deg» og Nærversmeistring er andre viktige satsingsområde som starta opp i 2019 som me trur vil auke kvaliteten på tenestene. Fokus på born og ungdom held fram med suksessfulle ferieaktivitetar for Vinjeungdom og oppstart av nytt ungdomsråd som tek over for Barn og unges kommunestyre. Det blir viktig å høyre dei unge si stemme i utviklinga av Vinje i framtida.

Ein bør òg trekkje fram det gode samarbeidet med USN som gjev kommunen tilgang på kompetanse og gode samarbeidstilhøve. Planleggjing av nye studentbustader på Rauland er i gang. Oppvekstsektoren i Vinje har brukt momentumet som vertskap til å fylgje opp Spesialundervisningsprosjektet i Vest-Telemark til å initiere eit desentralisert spes.ped.studium på USN campus Rauland frå 2021. Dette vil dekkje eit stort underskot på spes.ped.kompetanse nasjonalt og i vår region. Vest-Telemarkrådet stilte seg bak dette arbeidet, og USN gav klarsignal i november.

Jan Myrekrok  
Rådmann

## ORDFØRAREN - det politiske året 2019



*Kommunestyret 2020 – 2024*

Noko av det vanskelege med politikken er at Vinje kommune blir prega av politikk som blir utforma andre stader enn i Vinje. Me må tilpasse oss eller kjempe imot. Eller kjempe for gjennomslag for våre tankar som ikkje er tenkt nasjonalt.

I 2019 leverte Kraftskattutvalet/Sannerudutvalet sitt framlegg til ei radikal omlegging av kraftskattregimet i Noreg. Dette var ei ekspertgruppe nedsett av finansministeren. Framlegget var at ein skulle fjerne ordninga med konsesjonskraft til kommunane, ein skulle fjerne ordninga med konsesjonsavgifter til kommunane og ein skulle gjere ein kraftig reduksjon i eigedomsskattegrunnlaget kommunane har på vasskraftanlegg. For Vinje kommune ville det innebære ein inntektsreduksjon på kr 96 millionar per år. Det ville vere slutten på Vinje kommune slik me kjenner den i dag. Dette framlegget frå «eksportane» er eit brot på ei samfunnskontrakt mellom kommunane og staten om at ein del av verdiskapinga frå store naturinngrep skal bli att i kommunane som gjev denne naturen slik at storsamfunnet får elektrisitet. Det er få – om ingen – andre næringar som legg beslag på så store areal i form av tørrlagde elver, fossar lagt i rør og enorme landareal som blir neddemt. Framlegget er eit brot på ei 100 år lang ordning som eit tverrpolitisk Storting har lagt til grunn, og som kommunane har halde seg til. Ingen kommunar ynskjer ei slik endring. Kraftindustrien ynskjer heller ikkje ei slik endring. Det ser heller ikkje ut som nokon på Stortinget ynskjer ei slik endring. Det har vore stor politisk kamp om denne saka i 2019, og saka er enno ikkje avgjort. Me vonar rapporten støvar ned på ei hylle i ein krok på det minste inste kontoret dei har i departementet. Er me heldige blir den musespist også.

Politikarane i Vinje har gjennom året stått saman i den viktige kampen for å få ein base for luftambulansetil Vinje. Me har jobba mot våre parti, fylkeslag og stortingspolitikarar for å synleggjere trongen for denne beredskapen. Me vil at dei som bur og oppheld seg i Vinje skal få ta del i den akuttmedisinske utviklinga som resten av landet får, og at me får eit flygande akuttmottak i vårt område som ligg langt frå sjukehus.

Politisk var 2019 prega av at det var lokalval. Utarbeiding av nominasjonslister og valprogram på våren. Valkamp, val og konstituering av nytt kommunestyre og ymse verv på hausten. I ein kommune med 3.700 innbyggjarar vitnar det om godt engasjement for kommunen vår når heile sju parti stilte liste ved kommunevalet. Tilsaman stilte 98 personar til val på dei ulike listene.

Valdeltakinga i Vinje var på 67%. Dei 25 personane som gjekk vidare i Norske Talenter og no kan kalle seg for kommunestyrerepresentantar skal jobbe for utvikling av kommunen dei neste 4 åra, og syte for at kommunen har ei god retning. Det kjem til å bli gøy!

Jon Rikard Kleven

## ØKONOMI

### Vinje samanlikna med andre kommunar – KOSTRA

Statistisk sentralbyrå (SSB) har utarbeidd eit nasjonalt system for å hente statistikk som kan nyttast til direkte samanlikning av kommunar. Systemet blir kalla KOSTRA. Me vil gi eit oversyn over ulike område der ein kan samanlikne Vinje med ei gruppe av 34 kommunar (KOSTRA gruppe 3 eller «like kommunar») som har same type geografi og folkesetnad som Vinje, samt nabokommunane Tokke og Tinn. KOSTRA seier noko om kvaliteten på dei kommunale tenestene, men mest om korleis produktivitet, prioriteringar og dekningsgrad fordelar seg.

Kommunen har gjennom mange år rapportert til SSB på ulike fagområde. I KOSTRA er desse data samanstillt med rekneskapen. Som ved all statistikk kan det vera feil i materialet, men informasjonen er likevel god nok til å gje eit bilete på korleis me ligg i høve til andre. Alle tal er førebels tal frå SSB. Både Vinje og andre kommunar kan innrapportere endringar av tal- og tenesterapportering fram til 15. april, men desse tala vert ikkje publisert før 15.juni. Tala til Vinje er i all hovudsak henta frå reiknskapen medan tala for dei me samanliknar oss med er henta frå KOSTRA. Grunnen til dette er at det til dels er store avvik mellom det Vinje kommune rapportere som førebels tal til KOSTRA mot kva det endelege resultatet viser.

For å samanlikne utviklinga i Vinje kommune over fleire år, kan ein lage tidsseriar på SSB sine heimesider, eller sjå i tidlegare årsmeldingar.

### Presentasjon av nokre nøkkeltal på ulike område

KOSTRA-materialet er omfattande, med fleire detaljnivå. I dette avsnittet blir det presentert nokre nøkkeltal for dei ulike kommunale tenesteområda.


#### Finansielle nøkkeltal

	<i>Vinje</i>	<i>Like kommunar</i>	<i>Tokke</i>	<i>Tinn</i>
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-1,3	-0,6	-6,1	-0,5
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,3	-0,6	-1,2	1,8
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktingar i prosent av brutto driftsinntekter	103,0	102,1	58,5	58,9
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	45,7	63,3	22	29,6
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	10,3	9,7	9,9	14,1
Frie inntekter i kroner per innbygger	69.360	69.096	71.655	66.060
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	148.437	103.722	60.562	62.342

Vinje kommune har noko betre resultat enn fjoråret, og står seg framleis godt samanlikna med mange.


### Brutto driftsinntekter fordelt på inntektskilder

Vinje har framleis ei anna samansetjing av inntektene enn dei kommunane vi samanliknar oss med. Både rammetilskot og andre overføringar er låge, målt som del av totalen, medan "Sals- og leigeinntekter" og "Andre direkte og indirekte skattar" utgjer relativt meir for Vinje sin del enn for andre samanliknbare kommunar. Me har meir inntekt frå eigedomsskatt enn like kommunar, men andelen ligg noko lågare enn i Tokke og Tinn. Tala syner òg at delar av kommunens kraftinntekter indirekte kjem andre kommunar til gode ved at Vinje får ein mindre del av statlege overføringar.



### Prioritering av oppgåver

Årsmeldinga syner at kommunen framleis har eit godt servicetilbod på nær sagt alle felt samanlikna med andre. Likevel er det interessant korleis kommunar prioriterer dei ulike sektorane mot kvarandre, samt sjå utviklinga frå førre årsmelding.



Vinje skil seg i liten grad ut frå andre kommunar i utgiftsfordelinga. Kommunen ligg litt høgare enn like kommunar på kultur og kommunehelsetenesta, men ligg under på administrasjon og styring. Kraftinntekter vert nytta til å finansiere mellom anna kultur. Dette er inntekter dei fleste andre kommunane ikkje har, og dei har difor ikkje eit økonomisk grunnlag for ein så omfattande

aktivitet. Under «andre områder» finn me mellom anna konsesjonskraft som utgjer hoveddelen av dette talet.

#### **Ut frå KOSTRA-tala kan ein i korte trekk oppsummere stoda slik:**

Tenestetilbodet i Vinje er framleis godt, og på mange måtar ressurskrevjande i høve til andre kommunar. At ressursbruken er såpass høg på ein del tenester, må ein sjå i samanheng med at det er gjort eit bevisst val på ein desentralisert struktur på fleire område.

Økonomibarometeret frå Kommunal Rapport syner at kommunen har variable resultat innom ulike nøkkeltal. Vinje er rangert som nr. 298 per 11.05.2020 i denne rangeringa, men ser me bort ifrå kommunanes ulike økonomiske utgangspunkt kjem Vinje førebels på ein 49. plass, mot 47.plass i 2018. Nøkkeltala er omtrent som dei økonomiske tilhøva tilseier. Samla sett er nøkkeltala for Vinje blant dei 50 beste i Kommune-Noreg. Førebels utgåve av kommunebarometeret ligg ved saka.

#### Drift


Kommunens sentrale økonomifunksjon er lagt til Økonomi, Plan og Utvikling (ØPU). Her ligg budsjett, reikneskap, løn og skatteoppkrevjaransvaret saman med anna økonomiforvaltning.

Vinje har over tid hatt ei stabilt god drift, og hatt relativt stabile netto driftskostnader. Netto driftsresultatet for 2019 syner eit overskot på 12,6 mill, mot 7,6 mill i overskot for 2018. Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk syner at Vinje hadde eit mindreforbruk i 2019 på 8,7 mill. mot 13,3 mill i 2018. Kommunen må ha eit netto driftsresultat over tid på minst 1,75 % for å gå i balanse. Dette kjem av at resultatmengrepet ikkje fangar opp alle kostnader slik det gjer i privat sektor. Dei fulle kostnadane ved slitasje og verdireduksjon på bygningar, inventar, maskiner m.v. (tidligere 3%) er ikkje trekt ifrå når netto driftsresultat blir utreikna, kun avdrag på låna.

#### Utvikling i netto driftsresultat


Årsakene til eit betre resultat enn budsjettera er kort oppsumma:

- Auka sals- og leigeinntekter
- Auka statlege overføringar
- Auka direkte og indirekte skatter



#### Utgiftsfordeling i 2019

Figuren syner korleis utgiftene fordelar seg mellom dei ulike hovudgruppene innan innsatsfaktorane i tenesteproduksjonen.




Figuren syner at løn og sosiale utgifter auka med om lag 12 mill frå 2018 til 2019. Kommunen brukte nesten 14 mill meir på varer/tenester som inngår i kommunal teneste-produksjon, samstundes som ein kjøpte tenestar utanfrå for ca kr 6 mill meir.

60,8% av driftsbudsjettet er bunde opp i løn og sosiale utgifter, noko lågare enn i fjor (61,7%). Lønnsrelaterte utgifter utgjør vanlegvis langt meir i kommunal sektor. Dei sosiale utgiftene er ca kr 66 mill, ei auke frå fjoråret med kr 3,3 mill. Kommunen betalte om lag kr 31 mill i arbeidsgjevaravgift i 2019 og kr 35 mill i pensjonar.


## Gjeld

Gjennom året har vekta gjennomsnittrente variert frå 1,62 % ved inngangen av året, til 1,86 % mot utgangen av året. Grunnen til endringa er auke marknadsrente. Gjelda til kommunen har auka med ca 30,8 millionar, mens renteutgiftene har auka med ca 0,35 mill kr i 2019 samanlikna med 2018.




Gjelda har halde seg høg dei siste åra, og er høg samanlikna med mange kraftkommunar. I forvaltninga søkjer ein å oppnå stabile finansutgifter, samstundes som ein ynskjer å dra nytte av det historisk låge rentenivået. Rentnivået på låneportfølja er i tråd med og reflekterer kommunens rentesikringsstrategi og blir evaluert fortløpande. I høve til finansreglementets krav utgjør største enkeltlån ( NOK 130,5 mill) 22% av total lånegjeld, som er innanfor kravet om max 30%. Tilhøvet mellom korte/lange og faste/flytande renter ser ein i figuren under:





Kommunen hadde ved årets utgang plassert sine innlån i fire låneinstitusjonar, som går fram av figuren under:




## Renteinntekter

Vinje kommune har sidan oktober 2019 plassert overskotslikviditet i Nordea, i tillegg til drifts- og kapitalkonti i Tinn Sparebank og DNB. Innskotsvilkåra i bank har vore knytt opp mot 1 månads NIBOR. Plasseringa i Nordea har gitt ei positiv meiravkastning.


**Aksjar og renter i 2019:** Aksjemarknaden leverte eit knallår i 2019 der Oslo Børs enda på om lag 16% avkastning for året samla. Dette trass i stor usikkerheit ved byrjinga av året knytt til avklaringar rundt Brexit og handelsavtala mellom Kina og USA. Noreg har på grunn av lågare oljepris hatt ei noko dårligare avkastning i 2019 enn andre land har hatt. USA har til dømes hatt ei avkastning på om lag 28%. Aldri før har det vorte utbetala så store summer i utbytte som i 2019 til aksjonærane på Oslo Børs. Ein ser også ei stadig auke i «grønne» obligasjonslån, altså lån som skal finansiere miljøvenlege prosjekt.

Marknadsverdien pr 31.12.2019 var kr 49.506.638. Sidan oktober, då me bytte forvaltar frå Gjensidige til Nordea, og fram til årsskiftet har verdien auka med om lag kr 796.000. Behaldninga fordelar seg slik på dei ulike aktivaklassane:



### Likviditet

Vinje kommune har hatt ein god likviditetssituasjon i 2019. Kommunen har i gjennomsnitt hatt ca kr 138 mill inneståande på konto, medrekna den plasserte overskotslikviditeten som har marknadsvardi på kr 49,5 mill i Nordea. Dette er kr 25,4 mill lågare enn 2018. Hovudgrunnen til dette er høgare enn investeringar enn budsjettet samt ein lågare andel lånefinansiering enn tidligare år. Figuren under gjev eit bilete på likviditetssituasjonen siste dato i kvar måned dei siste fire åra.




### Kraftinntekter

Kraftmarknaden har hatt ei positiv utvikling sidan 2016 og fram til januar 2019, då prisen var 51 EUR/MWh. Snittprisen i 2019 enda til slutt på om lag 39 EUR/MWh. Det er mange årsaker til dette, men nokre av dei er Brexit (som påverka prisane på kol, gass og CO<sub>2</sub>), hydrobalansen (mengda av sno, vassmagasin og grunnvatn), fallande gass- og kolprisar og stigande CO<sub>2</sub>-prisar. Prisen starta bra i byrjinga av året, vart noko redusert utover våren, tok seg opp att då sommaren kom i juli, og heldt seg jamn utover hausten, men grunna våt og mild desember fall prisen mot slutten av året. 2019 er karakterisera som eit normalår når det kjem til temperatur og mengda nedbør. I tillegg kan det nemnast at vindkraftproduksjonen i Norden stadig aukar.


### Investeringane

Vinje hadde i 2019 noko høgare aktivitet på investeringsfronten enn i 2018 og føregåande år. Bryt ein finansieringsbehovet i investeringsrekneskapen vidare ned ser ein som vanleg at investering i anleggsmidlar er dominerande også i 2019 og utgjer 95 %. Utlån av startlån utgjorde kr 1,5 mill.




### Balansen

Tabellen nedanfor syner at omløpsmidlane sin del av dei samla aktiva i kommunen er noko lågare enn i 2018. Anleggsmidlar har auka med ca kr 134 mill, medan omløpsmidlar har vorte redusert med omlag kr 19 mill. Totalkapitalen er på kr 2,2 mrd og har auka med om lag 5,5% i løpet av 2019.



### Fondsmidlar

Fondsbeholdninga er redusert frå ca kr 160,1 mill i 2018 til ca kr 130,1 mill i 2019. I desember 2019 valgte me og ta ut kr 30 mill frå fond og setje over på bankkonto. I tala ligg det disponerte og udisponerte midlar det einskilde år. Figuren under baserer seg på note 6 i reikneskapen.




### Verksemnda

#### Investeringar

Det blei investert for kr 130,6 mill i anleggsmidlar i rapporteringsåret, mot ca kr 93 mill året før. Kommunen betalte eigenkapitalinnskot i KLP på kr 1,5 mill og kjøpte aksjar for kr 3,5 mill. i Raulands akademiet. Det blei lånt ut 1,5 mill i startlån og betalt ca kr 1 mill i avdrag.

Rekneskapen viser investeringar i mange mindre prosjekt, men av dei større investeringane kan ein nemne ny Åmot barnehage 19,7 mill, rehabilitering av Edland skule kr 16 mill, Vinjesenteret kr 12,9 mill, kaup og ombygging av Coop-bygget 26,9 mill og gang- og sykkelvegar 11,1 mill. Investeringsrekneskapen kjem ut med eit resultat i balanse for 2019.

Dersom ein gjer ei samanlikning over tid, så ser ein at 60,1 % av investeringane siste fire år er lånefinansierte. Andelen var noko lågare tidlegare for så å ha auka dei siste åra.



## Drift

Vinje kommune har eit mindreforbruk på kr 8,7 mill i 2019. Tabellen under syner korleis driftsresultatet er samansett og fordelt på resultateiningar, kraftinntekter og andre postar.

Fordeling driftsresultat 2019 jf. note 11 rekneskapen	Mindreforbruk		Meirforbruk	
	2018	2019	2018	2019
Fellestene	kr 713 775			kr 600 453
Rådmannen	kr 388 874	kr 191 224		
Sosial/Barnevern	kr 184 027			kr 467 499
ØPU	kr 1 973 892	kr 1 238 086		
Barnevern		kr 236 328	kr 494 717	
Sjølvkost Byggesak/Arealplan/Oppmåling	kr 224 320			kr 1 111 297
Rauland skule	kr 572 942	kr 1 156 963		
Åmot skule	kr 178 974			kr 663 027
Edland skule	kr 935 521	kr 926 098		
Øyfjell oppvekstsenter	kr 43 792	kr 122 113		
Åmot barnehage	kr 653 371	kr 1 393 066		
Rauland barnehage	kr 62 651			kr 130 395
Edland Barnehage	kr 150 304			kr 115 172
Vinje kjøkkendrift	kr 302 853	kr 193 943		
Vinje helse og omsorg		kr 70 485	kr 1 891 373	
Kultur	kr 850 401	kr 613 784		
Teknisk drift og vedlikehald	kr 1 915 087	kr 2 444 759		
Sjølvkost VARF	kr 554 552	kr 2 764 135		
Reinhald og tekstil			kr 248 063	kr 248 063
Næring	kr 1 793 063			kr 2 270 616
Særavtalekraft			kr 1 254 470	
Rammetilskot		kr 287 100	kr 1 944 317	
Konsesjonskraft inntekter			kr 395 900	kr 1 454 754
Statstilskot		kr 77 317		
Skattar/eskatt	kr 6 876 886	kr 1 233 882		
Flyktningstilskot		kr 168 065		
Inntekter renter utbytte		kr 3 118 554		
Renter og avdrag mm			kr 930 099	kr 2 556 239
Konsesjonsavgifter	kr 161 208	kr 1 956 351		

bruk fond/underskot	kr	1 149 000			
Gebyr/ tap på krav	kr	922 665	kr	110 783	
Rekneskapsresultat einingane	kr	11 498 399	kr	11 350 984	kr 2 760 003 kr 5 606 522
Rekneskapsresultat utanom einingane	kr	9 109 759	kr	6 952 052	kr 4 524 786 kr 4 010 993
Samla rekneskapsresultat	kr	20 608 158	kr	18 303 036	kr 7 284 789 kr 9 617 515

Når ein vurderer resultatata må ein hugse på at resultatet som kjem fram i reikneskapen for den einskilde eininga, inneheld det einingane har fått med seg av overskot og underskot frå tidlegare år. Reikneskapsresultatet gjev såleis ikkje utan vidare uttrykk for resultatet av "fjorårets drift". Ei eining som t.d. har store overskot kan ha samla opp dette over fleire år.

### Økonomisk styring – budsjettavvik

Det samla budsjettresultatet i einingane er i korte trekk prega av moderate utgifter til drift. Under fylgjer kommentarar til dei største avvika og endringane:

#### *Fellestenesta*

Eininga hadde eit meirforbruk på omlag kr 600.000 i 2019. Avviket skuldast auka politisk aktivitet, samt at ordninga med lærlingar ikkje er fullfinansiert.

#### *Økonomi, plan og utvikling*

Eininga hadde eit mindreforbruk på ca kr 1.200.000. Avviket skuldast mellom anna at eininga fekk med seg eit mindreforbruk frå 2018, samt at eininga i periodar hadde redusert bemanning som har ført til at ulike prosjekt er skuva ut i tid.

#### *Rauland skule*

Eininga hadde eit mindreforbruk på ca kr 1,2 mill i 2019. Noko av mindreforbruket skuldast at eininga fekk med eit mindreforbruk på kr 500.000 kr frå 2018, samt nøktern bruk av vikarar.

#### *Åmot skule*

Eininga hadde eit meirforbruk på ca kr 660.000 kr i 2019. I løpet av 2019 har ein gått igjennom ramma til eininga og gjort fleire justeringar undervegs. Eininga har hatt for lite fokus på økonomi og oppfølging. Det blir sett inn tiltak i 2020, med mellom anna faste møter med ØPU kor ein vurderer ulike tiltak for å betre økonomistyringa i eininga.

#### *Edland skule*

Eininga hadde eit mindreforbruk på ca kr 930.000 i 2019. Årsaka til dette er mellom anna at eininga fekk med eit mindreforbruk på kr 900.000 frå 2018. Mindreforbruket skal gå til inventar i samband med renovering av skulen.

#### *Åmot barnehage*

Eininga hadde eit mindreforbruk på omlag kr 1,4 mill i 2019. Eininga fekk med seg eit mindreforbruk på kr 500.000 frå 2018. Dette saman med lågare lønsutgifter enn budsjettera er årsaka til avviket. Mindreforbruket skal til dels nyttast til måling av inventar/dører i eldre del av barnehagen slik at fargekodane samsvarar med den nye delen.

#### *Teknisk drift og vedlikehald*

Mindreforbruk på om lag kr 2,4 mill. skuldast mellom anna at eininga fekk med seg eit mindreforbruk på kr 1,5 mill frå 2018, samt noko meirinntekter frå husleige enn budsjettert og mindreforbruk på lønn grunna vakante stillingar.

### Næring

Eininga hadde eit meirforbruk på om omlag kr 2,3 mill i 2019. Avviket skuldast i hovudsak auka aktivitet, forskotering av spelemidlar og auka utbetaling av tilskot til landbruk. Deler av dei kostnadane burde vore finansiert frå næringsfondet. Ein lyt sjå nærare på dette framover.

### Sjølvkost byggesak/privateplanar/oppmåling

Meirforbruket skuldast i hovudsak lågare inntekter innan alle områda i høve til budsjett.


### Hendingar etter reiknskapsårets slutt

I 2020 har Korona-viruset prega samfunnet vårt og økonomien vår. 12.mars vart dei strengaste tiltak i fredstid innført som m.a. innebar stenging av skular og barnehagar, stenging av skisenter, serverings- og overnattingsstader, innreiseforbod til Vinje kommune og ei auke i beredskapen og tenestenivået innan helse for og møte situasjonen på best mogleg måte. Konsekvensane av dette blir store for det økonomiske året 2020 ettersom Vinje kommune får reduserte inntekter frå SFO og barnehagar, samt at eit redusert straumforbruk fører til lågare inntekter frå kraftsal. Ein ser også auka kostnader knytt til tiltak som er innført knytt til Korona, så som auka beredskap og eit meir omfattande reinhald, måking av hyttetak og vakthald i hyttefelt.

## SAMFUNNET SETT GJENNOM TAL

### Folketalsutvikling

Dei siste ti åra har Vinje totalt sett hatt ei lita folketalsauke på 0,4% frå 3 661 til 3 676 innbyggjarar. I eit moderne samfunn er mange menneske til ei kvar tid på flyttefot, og for Vinje er målet i fyrste omgang å få så mange som mogleg til å bli buande av dei som er innom.



## MEDARBEIDARAR OG ORGANISASJON

### Service

Service er viktig for Vinje kommune. Me ynskjer at brukarar av kommunen skal oppleve at dei får ei god mottaking når dei er i kontakt med våre medarbeidarar. Tenestetorget har stort fokus på å kunne yte service og utføre tenester på vegne av mange einingar i kommunen samt møte publikum både i kommunehuset og på telefon. Dette forenkler kvardagen for brukarane, men også for sakshandsamarane.

## Medarbeidarutvikling

Både godt leiarskap og godt medarbeidarskap må til for å ha ein velfungerande organisasjon. Målsetjingane for medarbeidarskap i Vinje er uttrykt slik:

- Betre tenester
- Høgare brukartilfredsheit
- Myndige og sjølvstendige medarbeidarar
- Mindre avvik ved tilsyn
- Høgare tilfredsheit
- Lågare sjukefråver
- Betre resultat i KOSTRA og Kommunebarometeret
- Alle leiarar gjennomfører medarbeidarsamtaler kvart år

## Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde

Vinje kommune har vedteke etiske retningslinjer for både tilsette og folkevalde. Vinje kommune legg stor vekt på å drive verksemda på ein open, ærleg og skikkeleg måte. Både folkevalde og tilsette har eit ansvar for å etterleve dette grunnleggjande prinsippet.

## Lærlingar

Kommunen har hatt åtte lærlingar innan helsefag og sju innan barne- og ungdomsfag. Vinje kommune er medlem av OKOS, Opplæringskontoret for offentlig sektor. Dette er eit profesjonelt organ som ivaretek samordning og oppfølging av lærlingar. KS har som målsetjing og ha to lærlingar pr. 1.000 innbyggjarar og OKOS har som mål ein lærling pr. 1.000 innbyggjarar. Vinje kommune oppnår dette målet.

## Sommararbeid for ungdom

23 ungdommar mellom 16-18 år hadde sommarjobb på ulike stader i organisasjonen, kvar på 3 veker. Dette er ein nedgang frå 2018 då vi hadde 27 ungdommar i ordninga. Grunnen til reduksjonen var nedgang i mengd søkjarar i målgruppa.

## 25-års jubilarar / pensjonistar

Vinje kommune inviterer kvart år alle som har jobba 25 år i kommunen og alle som går av med pensjon i løpet av året til ein felles festmiddag. Årets middag var på Rauland høgfallshotell. Pensjonistane fekk eit måleri av Jon Lindestad Bakken, medan 25-årsjubilarane kunne velje mellom gullklokke med inskripsjon eller ein gavesjekk.



**25-års jublantane saman med varaordførar Tone Edland, helse- og omsorgssjef Kari Dalen og plan- og økonomisjef Gry Åsne Aksvik.**

*Tone Skeie, Georg Gardsteig, Tone Lien, Ellen Romtveit og Monica Gunvaldjord.*

*Andre jublantar er: Heidi Rønningen, Marianne Kåsene og Olaug Marie Rui.*



**Pensjonistane saman med varaordførar Tone Edland, helse- og omsorgssjef Kari Dalen og plan- og økonomisjef Gry Åsne Aksvik.**

*Vita Hougaard, Georg Hagen, Britt Karin Nordjordet, Margit Bergaust, Inger Urup, Gudny Unhjem, Nora Thorsrud, Øyunn Romtveit, Gudrun N. Solbjør, Dorothy Huitfeldt og Gunvor Botn.*

*Andre pensjonistar er: Oddvar Loftsgarden, Svein Ubostad, Reidun Gardsteig og Kirsten Falk.*

### Kvalitet i alt vi gjer

Intern kontroll dreier seg i stor grad om å vera budd og førebyggje, og å gjera dette arbeidet på ein slik måte at det gir tryggleik for at utviklinga til kommunen går i ynskt retning. For å sikra dette har det vore stort fokus på utvikling av og opplæring i kvalitetssystemet til kommunen (Compilo). Kunnskapsutvikling innanfor område som risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS) bidreg til å sikra at risiko blir identifisert slik at vi gjer ting riktig fyrste gong. Dette hevar både kvaliteten og er omdømmebyggjande.

Gjennomføring av tilsyn bidreg til at kommunen får synleggjort forbetringspotensiale og dermed sikrar betre kvalitet på tenestene. I 2019 hadde arkivteneste tilsynsbesøk av Arkivverket. Tilsynet resulterte i fem pålegg. Alle pålegg, inkludert ny arkivplan, skal vera innfridde innan 1. april 2020.

### IA-bedrift

Vinje kommune har vore IA-bedrift (inkluderande arbeidsliv) sidan 2002. Det vart i 2014 inngått ei ny samarbeidsavtale mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten ved NAV Arbeidslivssenter som galdt fram til 31.12.2018. Avtala om inkluderande arbeidsliv vart noko endra frå 2019.


Målet med IA-avtala er:

- å førebyggje og redusere sjukefråveret.
- hindre fråfall og auke sysselsetjing av personar med nedsett funksjonsevne
- forlenga yrkesaktivitet etter fylte 50 år (auke i reell pensjonsalder)

### Sjukefråver



Me arbeider for at alle tilsette skal trivast med arbeidet sitt og skånast mot fysiske og psykiske helseskader. Arbeidet med sjukefråver fylgjer NAV sine retningslinjer og me har ein formalisert dialog. Oppfølging av sjukefråveret er no digitalisert og som fylgje av dette er rutineane endra. Hovudtyngda av oppfølging av fråver vert no dokumentert gjennom den digitale løysinga. Sjukefråveret har gått ned samanlikna med tidlegare år og ligg under gjennomsnittet for dei siste 7 åra.



Det har vore større fokus på arbeidsmiljø og sjukefråver i einingane. Einingane vart bedt om å vise til korleis dei arbeider aktivt med helse, miljø og sikkerhet konkret opp mot arbeidsmiljø og førebyggjing av sjukefråver. Hovud-AMU har fulgt opp saka. Einingane reflekterte over korleis dei arbeider med arbeidsmiljø og førebyggjing av sjukefråver i kvardagen, kva som bidreg til å vedlikehalde og betre helsa på dei ulike arbeidsplassane og kva det vil seie å arbeide helsefremmande. Resultat frå dette vil fylgjast opp i 2020 på leiarmøter.

### Bedriftshelseteneste

Kommunen har avtale med Stamina Helse, avdeling Kongsberg, om levering av bedriftshelse/HMS – teneste (Helse, Miljø og Sikkerheit). I tillegg til samarbeidet med Stamina har kommunen ei rådgjevarstilling knytt til HMS-arbeid og fraversoppfølging. Denne funksjonen samordnar tenesta, hjelper einingsleiarane med oppfølging av sjukefråver, og er bindeledd mellom einingane og bedriftshelsetenesta. Desse i kombinasjon er viktig for at kommunen kan fylgje opp dei sjukemeldte samt gje leiarar den støtta dei treng.

### Likestilling

Vinje kommune har fleire tilsette som er kvinner enn menn. Heile 77% av dei tilsette er kvinner mot 23% menn. Det har vore eit fokusområde både i helse/omsorg og barnehage om å tilsetje fleire menn, men det er ikkje gjort noko særskilt for å rekruttere menn i 2019.

Dei tre vanlegaste yrkene blant kvinner og menn i kommunen målt i talet på årsverk:

	Kvinner	Årsverk	Menn	Årsverk
1	Hjelpepleier	61,8	Fagarbeidar	14,1
2	Sjukepleier	32,1	Rådgjevar	9,0

3	Assistent	26,7	Pleiemedarbeidar	8,9
---	-----------	------	------------------	-----

### Lønsskilnader

Gjennomsnittleg grunnløn per månadsverk i prosent av menns lønn i Vinje kommune visast i tabellen under. Kolonna til høgre viser gjennomsnittsskilnaden i Noreg:

2017	2018	2019	Noreg 2019
99,2	99,9	99,2	98,5

Skilnaden i løn mellom menn og kvinner er låg og har halde seg stabil dei siste åra. Differansen er lågare i Vinje enn i Noreg.

I Vinje kommune, som i kommunesektoren elles, har me eit minstelønssystem inndelt etter etterspurt kompetansenivå der den tilsette plasserast etter ei løns-ansiennitetuttrekkjing. Dette er kjønnsnøytrale lønsfastsetjingskriteriar. Vinje kommune har fokus på likeløn, og saman med organisasjonane er me opptatt av å ha kjønnsnøytrale kriterium ved dei lokale forhandlingane.

### Heiltid og deltid

Forskinga viser at meir heiltid gir betre kvalitet på tenestene, auka effektivitet og betre arbeidsmiljø. Samtidig ser me at det vil vera større behov for arbeidskraft i åra som kjem.

Oversikt heiltid/deltid - både kvinner og menn:

Stillingar				Tilsette			
Heiltid-/deltid	Tal på stillingar	Andel stillingar	Gj.sn. str. stilling	Andel tilsette	Stilling str. pr. tilsett	Tal på tilsette	Årsverk
Alle	799		58 % (81)		75 %	620	466
Deltid	583	73 % (58)	43 % (58)	57 % (47)	56 %	355	200
Heiltid	216	27 %	100 %	43 %	100 %	265	265

\*tal i parentes er tal for gjennomsnitt for heile landet

Oversikt heiltid/deltid - kvinner

Stillingar				Tilsette			
Heiltid-/deltid	Tal på stillingar	Andel stillingar	Gj.sn. str. stilling	Andel tilsette	Stilling str. pr. tilsett	Tal på tilsette	Årsverk
Alle	616		59 % (80)		76 %	479	362
Deltid	469	76 % (61)	46 % (60)	61 % (51)	60 %	294	177
Heiltid	147	24 %	100 %	39 %	100 %	185	185

\* tal i parentes er tal for gjennomsnitt for heile landet

## Oversikt heiltid/deltid - menn

Stillingar				Tilsette			
Heiltid- /deltid	Tal på stillingar	Andel stillingar	Gj.sn. str. stilling	Andel tilsett e	Stilling str. pr. tilsett	Tal på tilsette	Årsverk
Alle	183		57 % (83)		73 %	141	103
Deltid	114	62 % (49)	30 % (49)	43 % (35)	38 %	61	23
Heiltid	69	38 %	100 %	57 %	100 %	80	80

\* tal i parentes er tal for gjennomsnitt for heile landet

I oversikten er talet på stillingar større enn talet på tilsette. Dette er på grunn av at ein tilsett kan ha fleire stillingar.

Oversiktane viser at kommunen har ein stor del stillingar som er deltid og at deltidstillingane i Vinje ligg lågare enn gjennomsnittet for landet. Dette gjeld både for kvinner og menn. I fylgje tal frå KS er 89% av stillingar i helse og omsorg deltidstillingar. Hjø skulane er 64% av stillingane deltid og i barnehagane er det 63% deltidsstillingar.

Nokon har behov for redusert stilling på grunn av omsorgsoppgåver eller fordi helsa gjer det vanskeleg å arbeida i heil stilling. Arbeidsmiljølova har avgjerder om rett til redusert arbeidstid. Noko deltid vil det difor alltid vera. Dette er eit viktig fokusområde for kommunen framover.

### Representasjon i kommunestyret

Tidspunktet for kommunestyremøta vart for nokre år sidan endra frå kveldsmøte til dagmøte. Dette vart gjort for å gjere det lettare for kvinner å kunna delta og var ein motivasjon for kvinner spesielt til å melde seg inn i politikken.

Kommunestyret i denne perioden har 25 medlemmer der 8 medlemmer er kvinner og resten menn. Dette er ein nedgang frå førre periode då 9 representantar var kvinner.

### Tillitsvalde


I Vinje er det tre hovudtillitsvalde og 13 tillitsvalde/kontaktpersonar frå arbeidstakarorganisasjonar. Dei tre hovudtillitsvalde har frikjøp av tid: Fagforbundet 80%, Utdanningsforbundet 36% og Norsk sjukepleiarforbund 20%. Fagforbundet og Utdanningsforbundet har medlemmar i Administrasjonsutvalet og i Hovudarbeidsmiljøutvalet. Hovudverneombodet blir valt av og blant Fagforbundet sine medlemmar.

### Samrådsmøte

Rådmannen har regelmessige møter med hovudtillitsvalde og hovudverneombodet for å drøfte status og ulike utfordringer. Saker som vart teke opp omfatta ulike særforhandlingar, rutinar for heiltidskultur, retningsliner for varsling, førebuing til forhandlingar, kvalitetssikring av stillingsutlysingar, seniorpolitikk, omorganisering, lønspolitikk, aktuell informasjon frå rådmann og problemstillingar som vedkjem dei tilsette.

### Trim og aktivetskort

Aktivetskortordninga er eit lågterskeltilbod og i 2019 var det ei stor auke i talet på deltakarar. Dette kan ha samanheng med jubileumsåret der premiane vart auka og det var stort fokus på aktivetskortordninga. Ein annan grunn kan vere at brannvesenet deltok.



Målet er at dei tilsette skal ha ei god oppleving av å vera i aktivitet, som også har ein førebyggjande helsegevinst og er gunstig for å førebyggje sjukefråver. Rådmannen takkar og rosar dei lokale sportsbutikkane som står opp om ordninga og er med på overrekkjinga .



*Framme frå venstre: Oddbjørg Hylland, Gudrun N. Solbjør, Anita Andersen, Merete Neset, rådmann Jan Myrekrok, personalrådgjevar Eva Vistad og HMS-rådgjevar Tone Hild Sørland Lyslid.*

*Bak frå venstre: Toril H. Kleiv Svalastoga (Sport1 i Åmot), organisasjonssjef Margit Elise Karlsen, Kjersti Torvøtjønn (Rauland Fjellsport) og personalrådgjevar Knut Seltveit.*

I 2019 det kom nye reglar for personaltrim i styrkerom og bassengbruk. Ordninga i styrkerom og basseng er populær og betyr mykje for mange, tidene i styrkerom er utvida både i Åmot og på Rauland.

## PLAN OG UTVIKLING

Eininga har ansvar for den overordna og detaljerte arealplanleggjinga i kommunen. Under dette høyrer kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar og temaplanar. Eininga skal vera ein motor i kommunens prosjekt- og utviklingsarbeid.

[Status planstrategi/planoppgåver](#)

Planstrategi/planoppgåver	Status
Kommuneplanens samfunnsdel	vedteke 02.02.2017
Kpd Vågslid alternativ 1	vedteke 14.11.19
Kpd Stiar og løyper	vedteke 18.01.2018
Kpd helse og omsorg Vinje kommune 2017 -2030	vedteke 17.09.2017
Kpd Rukkemo –Torvetjønn	rullering under arbeid
Kpd Haukeli –Edland	vedteke 18.01.2018
Kpd for trafikksikring 2008-2015 –	2018-2021 vedteke
Kpd Åmot	rullering 2020/2021
Kpd Rauland	rullering 2020
Kommuneplanens arealdel	Arbeidet startar opp i 2020
Næringsplan 2017-2021	vedteke 06.04.2017
Lokal forskrift motorferdsel	vedteke 12.12.2019
Beitebruksplan for Vinje kommune 2017-2020.	vedteke 31.01.2017
Overordna beredskapsplan	revidering 2020
Bustadsosial handlingsplan 2011-2016	rullering neste KS- periode
Bustadpolitisk plan 2015 -2018	rullering neste KS- periode
Klimaplan for Vinje kommune	oppstart haust 2019
Kulturminneplanen	blir vidareført 2020
Helse –sosial og smitteberedskapsplan, vedteke KS 2016	revidert i 2017
Alkoholpolitisk handlingsplan 2016 -2020, vedteke KS 2016	mindre revisjon i 2017
Hovudplan veg og bruar 2015-2020	årleg tiltaksplan
Hovudplan VA	rullering 2020
Heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan – skal erstatte alkoholpolitisk handlingsplan og vedtakast av nytt KS innan eit år etter at det er konstituert – 2020/21	rullering 2020

### Prosjekt, plan - og utviklingsoppgåver

Eininga har arbeidd med og bidratt i ulike prosjekt gjennom året. Ein kan nemne:

- Utviding av Norheimstunet
- Åmot kollektivknutepunkt/Åmot nordaust
- Reguleringsplan Åmothaugen Vest inkludert universelt utforma sti til Ormetjønn
- Reguleringsplan for gs-veg Krossen –Autstbø og Øyfjell
- Kunstmuseum på Rauland
- Bustadfelt i Øyfjell
- Noregs nasjonalparker og nasjonalparklandsbyar
- Fjellnettverket
- Geologiske kart over Hardangervidda
- Tiltaksplan for «Berekraftig mat og opplevingar»
- Infotavler og utstilling knytt til prosjekt Verdsarven i Vinje, Tinn og Notodden i samarbeid med Telemark fylkeskommune

I 2019 var det registrera 246 søknader om tiltak og 250 søknadar om bruksløyve/ferdigattest. Dei tilsette brukar tid på å rettleie publikum, men opplever at pågangen frå publikum er noko mindre etter at den nye heimesida vart lansert. Det har blitt bruka ressursar til opplæring av nyttilsett vikar i desember 2018. Avdelinga driv og med tilsyn.

Tilsyn etter Plan –og bygningslova

### Statistikk over tilsyn i Vinje kommune pr. år

	Byggesaker totalt	Tal på tilsyn	%-vis tilsyn	Utferda gebyr	Innleigd bistand
Tilsyn 2016	323	67	20,7	58 000	24 126
Tilsyn 2017	288	52 (+ 82)	18	110 000	6 562
Tilsyn 2018	352	40 + 59	28	50 000	36 095
Tilsyn 2019	246	64	26	0	0


Talet på prosentvis tilsyn har vore høgt i 2017 og 2018. Årsaka til dette er at det var flyfotografering av dei mest utbygde områda i kommunen i 2017. Geodataavdelinga har i etterkant registrera nye bygg i Matrikkelen då desse byggja mangla bygningspunkt (er ikkje omsøkte). Det vert oppretta tilsynssaker fortløpande for desse bygga.

### Klima


Klimaendringane er ei av verdas største utfordringar. I Vinje kommune har me merka klimaendringane i form av meir ekstremvær som hyppigare og kraftigare nedbør som fører til flaum, ras og skred, samt lengre periodar med høg temperatur og tørke. Noreg har eit nasjonalt mål om å redusere klimagassutslipp med 40 % innan 2030 frå referanseåret 1990, og bli klimanøytrale innan 2050. Fylkestinget i Vestfold og Telemark har nyleg vedteke klimamål for regionen, som seier at utslippet skal reduserast med 60 % i høve til verdiar frå 1990. I 1990 var klimagassane i Vinje kommune på 30.000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. For å nå fylkesmålet innan 2030 må Vinje kommune redusere i gjennomsnitt 1.800 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar kvart år. Vinje kommune starta i 2019 opp eit omfattande arbeid med ein ny klimaplan for å realisere klimamålet. Vidare skal Vinje kommune arbeide med klimarisiko, klimareikneskap og ulike klimaprojekt for å omstille kommunen og innbyggjarane til eit berekraftig samfunn.

#### KLIMAGASSUTSLIPP I VINJE

##### FORDELING AV KLIMAGASSUTSLIPP:



#### HISTORISKE UTSLIPP OG UTSLIPPSMÅL (TONN CO<sub>2</sub>)



**FIGUR 1. DIREKTE KLIMAGASSUTSLEPP I VINJE FORDELT PÅ UTSLIPPSKILDI TALL PER 2017. HENTA FRÅ:**  
[HTTPS://KLIMARISIKO.KOMMUNALBANKEN.NO/KOMMUNER/VINJE/](https://klimarisiko.kommunalbanken.no/kommuner/vinje/)

**FIGUR 1. KLIMAGASSUTSLEPP I VINJE KOMMUNE FRÅ 2009 TIL 2017, SAMT UTSLIPPSMÅL FOR 2030 OG 2050 FOR Å OPPFYLLE DEI NASJONALE MÅLA. HENTA FRÅ:** [HTTPS://KLIMARISIKO.KOMMUNALBANKEN.NO/KOMMUNER/VINJE/](https://klimarisiko.kommunalbanken.no/kommuner/vinje/)

## NÆRING

Kommunestyret vedtok 06.04.2017 Næringsplan for Vinje kommune 2017-2021. Hovudsatsingsområda er reiseliv og landbruk, men også med vekt på andre næringar. I samband med næringsplanen blei det vedteke at ein kunne gje tilskot til bedrifter med finansiering frå Næringsfondet. Det har kome 4 søknadar, der to vart imøtekome, ein vart avslått og ein skal handsamast på ny.



### Reiseliv og turisme

Reiseliv og turisme står øvst i næringsplanen, og det er her ein ser for seg ei satsing. I 2019 har ein bl.a.

- Fylgt opp tidlegare satsing som Vasseventyret, Falkeriset, ulike løyper og stiar m.m.
- Evaluera avtala med Rauland Turist, isolera og saman med dei andre turistkontora.
- Bidrege i arbeidet med KDP'ar for Rauland og Haukeli/Edland.
- Slutført forhandlingar rundt sal og tilbakeleige.
- Halde fram med og slutført løype/sti-prosjekta, samt kvilekrokar osb.

### Landbruk

Me held fram med satsinga på landbruk. 16 søknadar om tilskot til opprusting og utbygging har vorte handsama. 3 nye robotfjos er sett i drift, og me har no 5 totalt i kommunen. Det er meldt om gode avlingar og me har motteke 86 søknadar om produksjonsstøtte (kr 19,7 mill) og 70 ulike miljøltskot. Ingen avgang av aktive gardbrukarar i 2019, noko som er godt under gjennomsnittet for landet. Trenden med generasjonsskifte held fram. Me held også fram som administrator for tilskotet til veterinærvakt for Vest Telemark + Hjartdal. HMS arbeidet i høve landbruksvikaren er gjennomført på dei aktuelle gardane.

### Skogbruk

27.821 m<sup>3</sup> er avverka, noko som utgjer 15.401 m<sup>3</sup> i auke. Gode prisar er hovudårsaka. 47.400 nye planter er planta. 1.005 m<sup>3</sup> vart hogd som fylgje av ekstra tilskot for motormanuell hogst.

**Jakt og fiske:** 166 elg og 36 hjort er felt i 2019. 6.000 fellingsløyve på reinsbukk vart utstedt på heile vidda, 397 felt i Vinje (21%), men ingen CWD vart funne. Kritisk for reinen i høve beite og sjukdom. Upopulære tiltak må drøftast framover. Stor aktivitet og kostnad rundt fallvilt, grunna stor auke i bestanden.

Ein held fram vøling av hyttene på Berunut-eigedomen. Me har ei grei inntekt, men underskot i drifta. Arbeid sett igang for å betre bryggetilhøva på Songa.

### Motorferdsel

Ny forskrift for løypenettet er laga og vedteke. Den nye nettbutikk-løysinga fungerer bra, og vert utvikla vidare. Godt samarbeid med skuterklubbane som gjer ein kjempejobb. Nokre merknadar i høve forskrifta om motorferdsel med motorfartøy gjer at ein sannsynlegvis må gå igjennom denne.

### Anna næring

Stor aktivitet er eit dekkjande ord. Seks etableringstilskot er omsøkt. Næringskontoret sit i fleire styre, driv motivering og engasjering i næringslivet. Fleire store satsingar er på gang, der ein mellom anna kan nemne datalagrings-senter og Com3-prosjektet. Veksthus i Åmot er under utvikling, samt til vurdering på Rauland, og ein har fått offentleg toalett på Edland. Den vedtekne oppstillingsplassen ved kolonnekøyring i Vågslid er ikkje hensiktsmessig med tanke på seinare bruk, og som kombinasjonsplass. Ein bør sjå på dette att, sett frå næringa si side.

## SKULE

Åmot skule	Rauland skule	Edland skule	Øyfell oppvekstsenter
------------	---------------	--------------	-----------------------

*Vinjeskulen* er tre kombinerte barne- og ungdomsskular og eitt oppvekstsenter med barnehage og skule frå fyrste til og med sjuande trinn. Åmot skule har i tillegg vaksenopplæring for flyktningar. Dei ulike skulane er fungerer godt med mange flinke tilsette. Det har dei seinare åra vorte meir fokus på ei felles overordna målsetjing for alle skulane i kommunen gjennom omgrepet «Vinjeskulen».

### Satsingsområde

- Fokus på «Vinjeskulen» og samarbeidet på tvers av skulane
- Felles kompetanseheving for dei tilsette i Vinjeskulen gjennom kunnskap for kvalitet, Udir og IBSM-inkluderande barnehage og skulemiljø
- Førebyggjande arbeid med utfordringane kring ulike typer mobbing gjennom IBSM-prosjektet
- Førebyggjande arbeid i samanheng med prosjektet om vald i nære relasjonar
- Godt kothald ved gratis skulemat og aktivitetar inne / ute som grunnlag for god helse
- Fokus på Verdsarven i Vinjeskulane
- God integrering av elevar frå andre kulturar

### Vaksenopplæring

All vaksenopplæring i kommunen er lagt til Åmot skule. Dette gjeld grunnskuleopplæring og norsk/samfunnsfag for elevar på overgangsordning, og for dei som har rett og plikt til å få dette etter NIR - registeret. Introduksjonsordninga som er eit heiltidstilbod på 37,5 timar 47 veker i året, er no det vanlegaste oppleggjet. Alle som kjem inn under introduksjonsordninga har rett til to år og kan få tilbod om eit tredje år dersom dette kan vere med på å sikre vidare utdanning og eller jobb. I 2019 var det 26 elevar, og det er venta at elevtalet aukar noko framover grunna inntak av fleire flyktningar.





Møsvatn

### Verdsarven i Vinjeskulen/barnehagen

Oppdraget går ut på at ein skal få inn meir læring for elevane/borna gjennom faste læreplanar retta mot Verdsarven på Rjukan/Notodden. Tanken er at elevane i Vinje, Tinn og Notodden skal kjenne godt til viktige historiske hendingar i desse tre kommunane. Det vil særleg bli lagt vekt på vasskraft samt utviklinga av industrisamfunna på Rjukan/Notodden. Ein vil også leggje vekt på Møsvatn som kjelda til denne industrielle utviklinga, men også andre tema som tidleg busetjing osv. Det vil også vera naturleg at ein får inn ein del krigshistorie frå områda. Ulike historiske hendingar knytt til desse områda skal ein relatere mot kunnskapsløftet for skulen og rammeplanen i barnehagane. Det er eit sterkt ynskje frå fleire av politikarane i Vinje at ein tydeleg ser verdi av verdsarvarbeidet inn i Vinjeskulen/Vinjebarnehagen, sidan det blir gjeve økonomisk støtte til dette prosjektet. Viktig at ein får auka kunnskap rundt dei ulike tema gjennom dette arbeidet.

### Elevtalsutviklinga

Elevtalet for Vinjeskulen har nedgang frå 2006/07 og fram til 2019/2020. Utviklinga framover ligg rundt tala me har i dag og det kan sjå ut til at den negative trenden har bremsa noko opp. For skuleåret 2019/2020 ligg elevtalet på 411 i Vinjeskulen.

	2012- 2013	2013- 2014	2014- 2015	2015- 2016	2016- 2017	2017- 2018	2018- 2019	2019- 2020
Talet på elevar	429	410	417	429	420	412	418	411

### Mål og måloppnåing

- Faglege resultat i Vinjeskulen skal over tid liggje stabilt på landsgjennomsnittet (nasjonale prøver, grunnskulepoeng, mm)

Vinjeskulen totalt sett er i betring og me ligg i dei fleste fag nært oppunder landsgjennomsnittet på nasjonale prøver, med unnatak av engelsk. Skulane arbeider for meir standardisert gjennomføring av før- og etterarbeidet med nasjonale prøver/elevundersøkingar.

• Grunnskulepoeng (avgangskarakterane) på 10. trinn har gått opp dei siste åra, og ligg no på 41,6, medan snittet i Telemark ligg på 40,6 og landsnittet på 42,0.
• Fråfallet på vidaregåande skule blant elevar frå kommunen er blant det lågaste i landet.
• Resultata på nasjonale prøver i 5.trinn ligg noko under nasjonalt snitt i engelsk, og tett opp til nasjonalt snitt i lesing og reikning. Samanlikna med Telemark ligg me på snittet i reikning og lesing, men noko under i engelsk.
• Resultata på ungdomstrinnet ligg tett opp til det nasjonale snittet i lesing og på nasjonalt snitt i reikning (9.trinn) Resultata ligg under nasjonalt snitt i engelsk på 8.trinn.
• Me har tilbod om leksehjelp på alle skulane.
• Elevundersøkinga syner elevar med høg trivsel og god støtte frå lærar, skule og heim.

- Elevar som syner engasjement, kreativitet, og evne til å presentere kompetansen sin

Vinjeskulen har mange arenaer der elevane får syne seg fram. Ein kan trekkje fram ulike idrottsarrangement, open skule, avslutningar, teaterstykkje, elevframsyningar, UKM og mange andre arrangement der elevane får vise engasjement, kreativitet og dugleik.

- Alle elevar skal ha eit godt læringsmiljø

God helse er viktig for elevane si læring. Skulen dekkjer dette gjennom ulik fysisk fostring og vektleggjing av sunn mat med frukt og grønt i skulelunsjen. Desse tiltaka saman med dei flotte uteområda på alle skulane er viktige element i arbeidet med godt læringsmiljø.

Det blir arbeidd aktivt med ulike tiltak som betrar elevanes læringsmiljø: Klasseleing, fokus på borns psykiske helse, vinterleirskule, Polen-tur, leirskule, skidag, energikampen ,joleball, Tine-stafetten, aktivitetsplanar og ulike program (zippys venner, psykologisk fyrstehjelp, ART mm). Arbeidet med å få eit mest mogleg trygt læringsmiljø for alle elevane våre er eit arbeid som skjer heile tida på dei ulike skulane. Me har også eit godt samarbeid med dei ulike barnehagane, noko som betrar sjansen for «tidleg innsats» for born/elevar med ulike ekstra behov.

Vinjeskulen har eit bra samarbeid med ulike faginstansar: helse, PPT og barnevernet.



Her kjem utvalgte KOSTRA-tal for skulen

	Vinje	Tokke	Tinn	Like kommunar	Landet utan Oslo	Landet
Netto driftsutg til VO pr. innbyggjar	1 099,3	1 190,8	569,3	347,6	371,7	382,5

Del elevar med spesialundervisning i %	7,9	5,4	6,0	9,1	7,8	7,7
Del av elevar i GS med tilbod om skuleskys	51,4	44,6	43,1	41,9	23,0	21,4
Del av innbyggjarar 6-9 år i kommunal SFO	60,6	45,9	57,7	49,8	56,0	58,7
Korrigerte brutto driftsutg til GS pr. elev	143 541	135 609	133 365	131 783	102 862	101 985
Driftsutgifter til undervisningsmatr pr. elev	4 308	2 245	2 576	1 998	1 349	1 336
Korrigerte brutto driftsutg til SFO pr. kom brukar	24 944	37 816	32 803	33 482	31 950	32 199
Elevar pr. kommunal skule	101,8	129,0	110,6	109,4	228,2	240,9
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	41,2	42	41,4	41,2	41,7	41,9
Elevar med dir overgang frå GS til VGS i %	100	100	100	97,6	97,8	97,7

(GS=Grunnskule, VO=Vaksenopplæring, VGS=Vidaregåande skule)

## BARNEHAGE

Åmot barnehage	Rauland barnehage	Edland barnehage	Øyfjell oppvekstsenter
----------------	-------------------	------------------	------------------------

Alle barnehagane har gode lokale. Mykje har imidlertid skjedd dei seinare åra, og der det ikkje har vore om- eller nybyggjing, vil ein måtte vurdere behov i ljøs av at barnehagedrifta har endra seg mykje. Åmot barnehage var den siste som blei renovert. Nytt, ljost og fint bygg stod klart til bruk ved oppstart i august.

Barnehagane har ei godt utdanna personalgruppe. Pedagognormen er dekt etter kraftig innsats der faste tilsette har tatt barnehagelærerutdanning dei seinare åra. Ein fast tilsett tek denne utdanninga no. To tilsette tek fagskuleutdanning innanfor born med særskilte behov, medan ein tek etterutdanning innanfor fleirspråklege born. Fleire ynskjer å ta spes.ped utdanning, og ventar på at denne utdanninga skal kome til USN avd Rauland i 2021.

I 2019 hadde Vinje tilsyn på barnehageområdet, både lokalt og frå Fylkesmannen. Det har blitt arbeidd med å utarbeide rutiner på ulike område, mellom anna rutiner for årleg godkjenning av ulike delar av barnehagedrifta.

### Satsingsområde:

- Felles lokal kompetanseheving for alle tilsette i Vinjebarnhagen.
- «Vinjebarnhagen» skal vere paraplyen over barnehagedrifta i Vinje kommune.
- Førebyggje vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep
- IBSM (Inkluderande barnehage- og skulemiljø)
- Oppmerksomt nærver
- Godt kosthald i tråd med statens ernæringsråd, leik og aktivitet inne og ute er grunnlag for gode barnehagedagar til det beste for borna.

### Mål og måloppnåing:

- *Driftsmål 1 Tilsette med rett og oppdatert kompetanse:*

Ein 4-årig plan vart avslutta med felles kursdag ved oppstarten av barnehageåret. Tilsette har i tillegg tatt del i felles kompetanseheving i Vest-Telemark i regi av Barnehageforum Vest-Telemark. Kursa har vore retta mot sentrale satsingsområde for barnehagesektoren. Dette har vore sær s vellukka for Vinjebarnhagen.

Felles overbygging – «Vinjebarnhagen»: god delingskultur i styrarmøta gjev oss felles praksis der det er mogleg. Det er stabil leiing i Vinjebarnhagen, noko som har skapt kultur og vilje til å arbeide i lag med ulike vedtak og praksis, og på same tid halde på den eigenarten kvar barnehage har.

Rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar: To tilsette barnehagelærarar med etterutdanning innanfor rettleiing er med i Vest-Telemark rettleiingsteam. Alle nyutdanna barnehagelærarar i kommunen får rettleiing av ein rettleiar utanom sin eigen barnehage dei to fyrste åra dei er i arbeid.

- *Driftsmål 2 Tidleg innsats:*

Etterleve plan for å førebyggje vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep: Her har barnehagane i fellesskap gått saman for å heve kompetansen for alle tilsette. Alle tilsette har fått kurs i å forstå og støtte born som opplever ting dei ikkje skal. Fleire av dei pedagogiske leiarane har tatt del i kompetanseheving og evnetrening i å snakke med born om dette. Nokre tilsette i Rauland barnehage har kursa seg i traumebevisst omsorg.

IBSM: alle barnehagane har utarbeidd eigne planar for dette arbeidet. Barnehagesjefane har, saman med skulesjefane, tatt del i Udirs kompetanseheving på området. Prosjektansvarleg i Vinje har vore med på alle fellesmøta og hatt IBSM som tema. Me er på god veg til å heve kunnskapen vår om å førebyggje, avdekkje og handtere mobbing i barnehagen. IBSM er truleg ferdig i 2021, men arbeidet i Vinjebarnhagen vil halde fram med mål om at alle born skal kjenne seg inkluderte. Mobbeombodet i Telemark vitja alle barnehagane på personalmøta i hausthalvåret.

### **Arbeide med konsentrasjon og kvile i barnegruppene:**

Vinje helse fekk prosjektmidlar frå helsedirektoratet for å setje i gang eit prosjekt som heiter «Oppmerksomt nærver». Barneteamet er prosjektgruppe. Ein av barnehagesjefane er medlem av Barneteamet. Ho har tatt del i opplæringa som høyrer til, og deler informasjon i styrargruppa. Ein fysioterapeut i kommunen har hatt økter med dei eldste borna i Åmot barnehage 1 g/v i 2019. Fleire av barnehagane står for tur til å innføre dette i 2020.

### **Godt innhald i barnehagedagen:**

Vinjebarnhagen serverer mat i barnehagen. Me fylgjer statens ernæringsråd iht kva som skal serverast og korleis måltidet skal vere. Dette er både tidkrevjande og utfordrande i høve til og ha nok kunnskap om kosthald og ernæring. Me trur tida er mogen for å drøfte korleis dette skal vere i framtida. Kva kompetanse treng me for å skape måltid som er rett samansett? Har me innsparringmoglegheiter ved å få inn fagkompetanse på området?

Alle barnehagane i Vinje har gode vilkår for lek inne og ute. Alle har turområde som ligg litt utanfor barnehagane, der dei kan gje borna gode naturopplevingar og rom for å røre seg i skog og mark. Uteleikeplassane er også godt tilrettelagt for lek i ulike aldersgrupper.

Rauland og Edland barnehage har fått prosjektmidler frå Fylkesmannen til å ta med born i symjehallen for at dei skal bli trygge i vatn.

Barnehagane i Vinje har rammer som gjer at me har moglegheiter til å gje born det dei treng for å ha nytte av barnehageopphald. Til tider har me krevjande oppgåver, men me har tilsette som er løysingsfokuserte og som strekkjer seg langt for å nå målet om gode barnehagedagar for både born og tilsette.

- *Driftsmål 3 Godt foreldresamarbeid:*

Udirs brukarundersøking vart ikkje gjennomført blant foreldra i 2019, slik det var planlagt. Årsaken var at det vart gjennomført brukarundersøking i regi av prosjektleinga i IBSM-prosjektet. For å unngå «svartrøytttheit» valde styrargruppa, i samråd med assisterande rådmann, å ha fokus på IBSM – undersøkjinga i 2019. Udirs undersøking blir i 2021.

Me søkjer godt foreldresamarbeid gjennom daglege samtaler ved bringe- og hentesituasjonane. Foreldre har sjølvstilt ulike behov for kontakt og tilbakemeldingar. Alle barnehagane oppmodar difor føresette om ta kontakt om dei lurar på noko.

- *Driftsmål 4 Fleirfagleg samarbeid:*

Me samarbeider både med lokale einingar i Vinje, ulike hjelpeinstansar som t.d PPT, Barnevern, HABU og BUP. Dette for å yte best moglege tenester.

Vinjebarnhagen har arbeidd med vaksenrolla over mange år. Det er skapt forståing for at det meste som skjer i barnhagen er avhengig av korleis me som vaksne ser på born, møter dei i det daglege og legg til rette for meistring kvar einaste dag. Dette er eit kontinuerleg arbeid som har hatt, og vil ha, fokus i personalgruppene både no og i framtida.

## HELSE, OMSORGS - OG SOSIALTENESTER

Helse, omsorg og sosiale tenester omfattar eit mangfald av tenester kommunen har ansvar for overfor alle aldersgrupper. Fokusområde spenner frå førebyggjing til behandling, omsorg og lindring. Ansvaret er lagt til einingane Helse og omsorg, Nav og Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark. Tenestene er lovpålagte. Dei fleste tenestene er organisert lokalt og i kommunen, på nokre område samarbeider me med andre. Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark, Tokke-Vinje legevakt og Kommunale Akutte Døgnplassar for Tokke og Vinje er døme på det.

### Helse og omsorg

Helse og omsorgstenestene er i stadig endring, som fylgje av endra oppgåver, fleire tenestemottakarar og justering av organisasjon og drift for å tilpasse seg dette. I 2018 blei talet på sjukeheimplassar redusert, og arbeidet med å tilpasse seg endringa har halde fram også i 2019. Velferdsteknologi får større plass som del av tenestene og det er etablert prosjektstilling i Vest-Telemarkrådet for å understøtte lokalt arbeid med breiddeteknologi der dette er tenleg. Velferdsteknologi blir definert som helsetenester. Analoge tryggleiksalarmar er bytt ut med digitale som fylgje av at Telenor byggjer ned det analoge nettet.

Tildelte tenester aukar og merkast i alle deltenester. Koordinerings- og tildelingskontoret har fatta 959 enkeltvedtak i 2019. Det er høgare tal enn nokon gong før.

Eininga er utviklingsorientert og har i 2019 jobba med mange prosjekt innom ulike fagfelt, alle støtta med eksterne tilskot. Forskningsprosjektet HelseSamarbeid, Folkehelseprosjektet «Eg er meg og du er deg», Ammerettleiing/kompetanseheving i jordmortenesta, seksuell helse – ungdomshelsestasjon/jordmor, forprosjekt desentralisert kreftbehandling, rehabilitering – utvikling av koordinerande funksjon og lindrande behandling er døme på tema.

### Overordna målsetjing for eininga

Kommunen sine helse- og omsorgstenester skal bidra til god helse og førebyggje sjukdom. Målet er best mogleg levekår for alle, og reduserte sosiale helseforskjellar i befolkninga. Det krev heilskapleg og førebyggjande tenking i alt folkehelsearbeid og all tenesteyting.

*Dei overordna kvalitetsmåla for tenestene er at dei skal:*

- vera verknadsfulle
- tryggje og sikre
- vera samordna og prega av kontinuitet
- vera tilgjengelege og rettferdig fordelt
- involvere brukarar til deltaking og medverknad
- ha god ressursutnytting

Helse og omsorgstenester krev stor grad av samarbeid på tvers av fag og avdelingar internt i kommunen, men og på tvers av forvaltningsnivå. Kommunestyret vedtok Kommunedelplan for helse og omsorg i Vinje kommune for perioden 2017 – 2030.

### Fastlegeordninga

3.730 har fastlege i Vinje, mot 3.648 i 2018. Det er 268 ledige plassar på fastlegelistene ved utgangen av året. Det er knytt tre fastlegar til legekantoret i Åmot. I Edland og Rauland er det ein på kvar stad. Turnuslege og tilsynslege er knytt til legekantoret i Åmot. Det er felles turnus for alt hjelpepersonell, inklusive sjukepleiarar på legevakt.

### Legevakt

Kommunen sitt ansvar for legevakt er heimla i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester (gjeldande frå 2012). I § 3-2 står det om kommunens ansvar for helse- og omsorgstenester. Kommunen skal tilby legevakt, som ein heildøgns medisinsk akuttberedskap og den er ein del av den medisinske nødmeldetenesta. At legevakt er ei beredskapsteneste inneber at den skal vere tilgjengeleg, både i høve til bemanning, fagleg kompetanse, teknikk og utstyr. Mykje av kostnadane er knytt til å vera operative, i tråd med faglege krav og standardar.

Tokke og Vinje samarbeider om legevakt. Sju av legane er tilsett i Vinje og tre i Tokke. Av desse er det to turnuslegar. Legevaktsentralen er bemanna med sjukepleiar frå kl 08 til 22 alle dagar. I høysesong blir legevakta bemanna opp for å handtere pågangen.

### Utviklingstrekk

År	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Tal på kontaktar	5051	7355	6325	6163	5731	5744	6108	5773	5872	5737

Kva kontaktar til legevakt har resultert i - heile døgnet (kl 0800 -0800) alle dagar:			
<b>2019</b> Tal på kontaktar totalt:	<b>Legekontaktar:</b> (konsultasjon, telefon,	<b>Sjukepleiarkontaktar:</b> (råd, konsultasjon) Tal er basert på manuell ført statistikk	<b>Andre kontaktar handtert av sjukepleiar:</b> (Diverse) Tal er basert på manuell ført statistikk

<b>sjukebesøk)</b> <i>Tal er basert på manuell ført statistikk</i>					
<b>5737</b>	<b>3.452</b> (i 2018: 3.586)	<b>60,2 %</b> av totalen	<b>1.238</b> (i 2018: 1.092)	<b>21,6%</b>	<b>973</b> (i 2018: 1.306)
<b>Tal på konsultasjon lege:</b> (talet er basert på takstbruk)		<b>Tal på sjukebesøk lege:</b> (talet er basert på takstbruk)		<b>Tal på telefonkontakt lege:</b> (talet er basert på summen av konsultasjon + sjukebesøk, trekt frå legekontaktar totalt)	
<b>2.237</b> (2018)	Av alle kontaktane til legevakta: <b>38,1 %</b> (2018)	<b>330</b> (2018)	Av alle kontaktane: <b>5,6%</b> (2018)	<b>1.019</b> (2018)	Av alle kontaktane: <b>17,35 %</b> (2018)
<b>2.100</b>	<b>36,6 %</b>	<b>255</b>	<b>4,5 %</b>	<b>1.097</b>	<b>19,12 %</b>
	<b>6,13</b> pr døgn i gj.snitt		<b>0,9</b> pr døgn i gj.snitt		<b>2,79</b> pr døgn i gj.snitt

Statistikken syner at gjesteinnbyggjarar gradvis utgjør større del av pasientane som tek kontakt med legevakt. Vi aukar bemanning i høgtider og vinter- og påskeferie.

### Røntgen

Det er som tidlegare år radiolog frå sjukehuset som tek planlagte bilete av pasientar frå Vest-Telemark. I tillegg blir det i nokon grad tatt bilete av legar i legevakt. Omfanget her er avgrensa.

### Førebyggjande arbeid

Det førebyggjande arbeidet i høve til ulike aldersgrupper har fått auka fokus dei seinare åra, styrkt gjennom Folkehelseleva frå 2012. Helse, omsorg og sosiale tenester arbeider førebyggjande i høve til alle aldersgrupper. Arbeidet omfattar alt frå fødsel førebuinge arbeid, helsestasjonsarbeid, ungdomshelsestasjon, råd og rettleiing, frisklivs- og meistringstilbod i høve til ulike aldersgrupper og tema, rusførebyggjande arbeid osv.

### Friskliv og meistring - Lærings- og meistringskurs

Frisklivssentralen organiserar mange tiltak på dag- og kveldstid. Sentralen har hatt som målsetjing å utvikle nye lærings- og meistringskurs, i tillegg til å vidareføre eksisterande tilbod. Ikkje alle kurs blir arrangert kvart år, dette er avhengig av påmelding. Fallførebyggjande kurs er gjennomført fleire stader, i år på Rauland. Nytt tilbod i 2019 med tema livsmeistring er gjennomført som fem temakvelder hausten 2019.

Frisklivssentralens tilbod blir gitt av fagfolk med ulik fagbakgrunn knytt til ulike avdelingar. Samarbeid med frivillige er viktig i dette arbeidet.

### Ergoterapi

Ergoterapi har ei viktig rolle i det tverrfaglege arbeidet knytt til rehabilitering og deltek også i Frisklivssatsinga. Det er eit stort sagn at ein ikkje har eigna hjelpemiddellager, for effektiv handtering av hjelpemiddel.

### Helsestasjon og skulehelsetenestesta

Helsesjukepleietenesta driv helsefremjande og førebyggjande arbeid for å fremje helse og trivsel og gode sosiale og miljømessige tilhøve, og førebyggje fysisk og psykisk sjukdom og skade.

Helsesjukepleietenesta hjelper menneske med kronisk sjukdom og funksjonsnedsetjing til å meistre eige liv og helse.

#### Helsesjukepleietenesta 0-5 år.

Det var 39 fødselar i Vinje i 2019, derav to tvillingpar. I 2019 har me hatt helsestasjon i Åmot, Rauland og Edland. Helsesjukepleiar , lege og fysioterapeut er knytt til kvar helsestasjon, og ein samarbeider også nært med tenesta for psykisk helse og jordmor. Jordmor har no fast rutine på tidleg heimebesøk i tillegg til helsesyster. Jordmortenesta er organisert i ein vertskommunemodell, der Kvitseid, Seljord, Fyresdal og Vinje er med, og Vinje har vertsfunksjonen. På helsestasjonen samarbeider ein med andre instansar ved behov, som barnevern, BUP, familiekontor, PP-teneste, tannhelse og rehabiliteringstenesta.

Barneteamet i Vinje er sett saman av representantar for helsestasjon, psykisk helse, fysioterapeut , skule og barnehage. Andre fagpersonar kallast inn ved behov. Målet med arbeidet i barneteamet er å løyse vanskane til bornet og familien på lågast mogeleg nivå, og tidleg innsats er viktig.

Det er tilbod om foreldrerettleiing ved behov. Fire i helsesystergruppa og to i psykisk helse har no utdanning i foreldrerettleiingsprogrammet COS-P.

#### Helsesjukepleietenesta 5-20 år

Skulehelsetenesta skal i samarbeid med skulens personell, elevar og føresette skape ein helsefremjande skule gjennom å fremje godt lærings- og arbeidsmiljø med fokus på helse, trivsel og sikkerhet. Helsesjukepleiar har i 2019 hatt fast trefftid ved alle skulane, og har elles delteke i undervisning og grupper. Ein har ansvar for å fylgje opp elevar med særskilte behov, og deltek i og koordinerer ansvarsgrupper kring enkeltelevar. Helsesjukepleiartenesta har eigen TIBIR-kontakt. Tibir tyder tidleg innsats for barn i risiko

#### Helsesjukepleietenesta 16-24 år

Helsestasjon for ungdom er eit lågterskeltilbod som er viktig i det primærførebyggjande arbeidet i kommunen. Åpningstida for helsestasjon for ungdom, er kvar måndag frå kl 15.00 til 16.00. Ein måndag i månaden er også lege tilgjengeleg. Det er høve til å ta kontakt utanom opningstida, og ein legg til rette for at ungdom kan koma utover den faste åpningstida, i tillegg til telefonar og SMS. Dei to helsesjukepleiarane som i 2019 har arbeidd i helsestasjon for ungdom, har begge kompetanse innan seksuell helse og har rekvisisjonsrett i høve hormonell prevensjon.

## Sjukeheim, omsorgssenter og heimetenester

### Vinje Sjukeheim

Vinje sjukeheim har tre hovudfunksjonar; Øyeblikkeleg hjelp døgnplass for Tokke og Vinje, korttidsavdeling og langtidsavdeling (som også omfattar plassar tilrettelagt for demente).

#### [Øyeblikkeleg hjelp døgnplass \(KAD-plass\)](#)

Øyeblikkeleg hjelp døgnplass er ein beredskapsteneste, ei relativt ny lovpålagt oppgåve for kommunane. Plikta til å gje slikt tilbod omfattar både somatikk og psykisk helse/rus og skal erstatte sjukehusinnleggjing der dette er fagleg forsvarleg. Vinje driv tilbodet på vegne av Tokke og Vinje



kommunar med to plassar. Opphald på KAD-plass er avgrensa til maksimalt fem døgn. I 2019 har det vore 89 innleggingar, mot 82 året før, og bruken har dermed auka. Innleggjingane fordeler seg med 83 innanfor somask diagnose og 6 innanfor psykiatri.

### Korttidsavdeling

Korttidsavdelinga har sju plassar. Tre av desse er avsett til rehabilitering. Gjennom året er belegg varierande, med gjennomgåande høg aktivitet.

### Dialyse

Frå april 2018 har vi hatt ansvar for drift av tre plassar for dialyse (satellitt). Det er gitt dialyse tre gonger kvar veke, med unntak av tre veker i sommarferieperioden.

### Langtidsavdelinga har fire funksjonar

Vesleheimen er ei skjerma eining med sju plassar, Furuly er tilrettelagt for demente med seks plassar og Midtstoga har 12 langtidsplassar.

Avdeling Solheim med sju plassar blei lukka i januar 2018 som del av tiltakspakke for å redusere kostnader.

## Heimebaserte tenester

### Øvre, Ytre og Rauland distrikt, inklusive Norheimstunet og Rauland omsorgssenter

Ved utgangen av 2019 var det registrert 218 pasientar som mottok heimesjukepleie og/eller praktisk bistad (heimehjelp) i kommunen. Tilsvarende tal for 2018 er 172 og for 2017 var det 167 pasientar. Den geografiske fordelinga er slik: Rauland 64, Øvre Vinje 59 og Åmot 95. Den relativt store auken kan skuldast fleire tilhøve; mellom anna redusert tal på sjukeheimplassar og venta endring i demografi slik framskrivingar har vist over tid. Utfordringa er størst i Åmot. Eit utviklingstrekk er også at heimebuande mottok meir omfattande bistand heime. Vinje sin geografi med store avstandar påverkar både kostnadsbiletet og moglegheit for funksjonell organisering for effektiv oppgåveløysing gitt den utviklinga vi ser.

### Psykisk helse og rus

107 er registrerte tenestemottakarar ved utgangen av 2019. Det er stor variasjon i omfang av tenester, men ein ser eit tydeleg utviklingstrekk i høve til fleire og meir komplekse oppgåver for kommunen. Tenesta omfattar i tillegg tiltak overfor born. Desse registrerast ikkje på same måte som for vaksne.

Bruki gjev butilbod for inntil åtte bebuarar. Fyrste halvår har dagtilbodet for psykisk helse og rus også hatt tilhald her, fram til Tømra blei frigjort ved ferdigstilling av Åmot barnehage. Avdelinga sine tilsette deltek med sin kompetanse i frisklivstilbod, driv lågterskeltilbod og er medlemmar i psykososialt kriseteam i tillegg til sine ordinære oppgåver.

### Tenester for funksjonshemma

Avdelinga omfattar Bufellesskapa Reini og Svingen, med totalt 15 bueiningar. Éin av desse er bornebustad. I 2018 blei i tillegg ein bustad gjort om til avlastningsbustad for born. Avdelinga har i 2019 hatt ein krevjande bemannings- og rekrutteringssituasjon.

### Bustadsosialt arbeid

Ansaret er lagt til Helse og omsorg, og bustadkonsulent blei tilsett i 2018. Bustadsosiale Statlege verkemiddel frå Husbanken inngår i ansvarsområdet. Bustadsosialt arbeid krev tverrfagleg innsats og det er organisert for dette.

Tidligere har me presentert utvalgte kostra-tal for helse og omsorg. Grunna mange feil i rapporteringsløysinga og nøkkeltala me kanhente ut har me i år valgt og ikkje ta dette med. 15.juni vil tala vera korrigererte og oppdaterte.

## NAV Vinje – sosialtenesta

NAV er i kontinuerleg omstilling og det er signalisera store endringar i Stortingsmelding 33.

Det blir i den samanheng veldig viktig med eit aktivt partnerskap mellom stat og kommune i åra framover.

Vinje kommune har no gjort vedtak om å bli med i eit samanslått NAV kontor med Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje frå 01.01.2020. Tokke kommune vert vertskommune.


Nav Vinje sit i bustadsosialgruppe i kommunen .

### Utvalgte Kostra-tal NAV/sosialtenesta

	Vinj e	Tele- mark	Like	Tokke	Tinn	Landet	Landet uten Oslo
Netto driftsutgifter til sosialsektoren pr. innbyggjar	3 684	4 359	3 299	4 067	2 815	3 870	3 589
Netto driftsutgifter i % av samla totale driftsutgifter	4,5	6,9	4,5	4,8	3,6	6,4	6,0
Sosialhjelpsmottakarar i % av befolkning	0,01	0,03	0,03	0,02	0,03	0,03	0,02

Vinje har mange pendlarar . Vinje kommune har ein yrkesfrekvens på 74% . Vinje kommune hadde ved utgangen av 2019 0,9% heilt ledige. 204 personar hadde varig uførestønad ved utgangen av 2019 som tilsvarar 8.8 % av aldersgruppa 18 - 67 år.


### Arbeidsløysa ved utgangen av året 2016-2019



	Desember 2016	Desember 2017	Desember 2018	Desember 2019
<b>Heile landet</b>	3,0	2,8	2,4	2,5
<b>Telemark</b>	3,4	2,8	2,4	2,9

Vinje	1,5	1,4	1,0	0,9
-------	-----	-----	-----	-----

## Yrkesfrekvens kommunar 2018



## VINJE KJØKENDRIFT

**Retten mat til rett pasient til rett tid.**

Vinje kjøkendrift er kommunens hovudkjøken og produserer middag til både sjukeheim, omsorgssentra og heimebuande. I tillegg til at dei administrerer kolonialvarer for sjukeheimen, leverer dei catering/møtemat og mat til kantina på sjukeheimen og kommunehuset.

Tal levert til heimebuande 2017	Tal levert til heimebuande 2018	Tal levert til heimebuande 2019	Tal levert til sjukeheimen 2017	Tal levert til sjukeheimen 2018	Tal levert til sjukeheimen 2019
14095	14876	15207	12926	11916	10964
Møtemat/salg Kantine 201					
550 000					

Litt lågare antal middagar på sjukeheimen i 2019, og ei auke på heimebuande samanlikna med 2018.

- Pris pr. porsjon middag m/dessert til heimebuande var kr. 93,- i 2019.
- Levert kolonialvarer, kaker, mineralvatn til sjukeheimen i 2019 for kr 618 000.-
- Kostnad pr. brukar pr. døgn på sjukeheimen: Middag kr 40 + kolonial kr 65 = kr 105 pr kostdøgn.
- Etterspørselen etter tilpassa kost, alternativ eller diettar er varierende.

Regelverk på matområdet krev meir tid til dokumentasjon.

Me har eit godt databasert kjøkenprogram Aivo, som gjer at me kan :

- Produsere etter oppskrift i riktig mengde.
- Dokumentere næringsinnhald.
- Ta imot bestilling frå avdelingane.
- Skrive ut faktura, statistikk osv

## VINJE REINHOLD OG TEKSTIL



Godt reinhold sørgjer for trivsel og hindrar spreing av smitte. Eit godt reinhold er viktig for helsa og har stor innverknad på sjukefråver og produktivitet i heile kommune.

### Overordna målsetting

Eininga har som driftsmål å levere kvalitet på reinhold i kommunale bygg. Dette arbeidet skjer i samarbeid og god kommunikasjon med dei andre einingane.

### Bruk og prioritering av økonomiske ressursar

Vinje reinhold og tekstil har gjennom 2019 hatt kontinuerleg fokus på å halde den økonomiske ramma.

### Kompetanse, personal og utvikling

Eininga har 25 årsverk fordela på fire avdelingar øvre Vinje, Rauland/ Øyfjell, Åmot og Vinje helsesenter. Kvar avdeling har ein leiande reinholdar. Eininga har hatt kompetanseutviklingsplan og har gjennomført etter mål. Eit område har vore utdanninga av fleire reinholdsoperatørar og i år starta tre personar og fekk gjennomført teorien.

### Heiltidskultur og effektivitet

Vinje reinhold og tekstil har også gjennom 2019 vore opptatt av heiltidskultur og fleire har fått auka stillingane sine. Forsking syner at dette tiltaket bidreg til betre kvalitet, auka effektivitet og har positiv effekt på arbeidsmiljøet.

### Integrering

Reinholdsbransjen er kjent for å vera ein fleirkulturell bransje. Det er på arbeidsplassen i samspel med kollegarar dei får den beste språktreninga, dei får kjensle av eit fellesskap og vera ein del av lokalsamfunnet. For å bidra til Vinje kommune sin integreringspolitikk har Vinje reinhold og tekstil eit tett samarbeid med integreringstenesta for å finne høvelege arbeidsplassar for språktrening. Dette arbeidet gjev fleire flyktningar fast arbeid.

## BARNEVERN TENESTA

Ved utgangen av 2019 hadde Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark tilsette i 13 stillingar. Vi hadde ti kontaktpersonar inkludera leiar, nestleiar og teamleiar. To stillingar til tiltaksarbeid og ei stilling som støttefunksjon. I prosjektet "Forpliktande samarbeid om barnevernsreforma i Midt-, Vest- og Aust-Telemark» er det 60 % stilling som prosjektleiar.

## Handlingsplan:

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatmål</b>
Å bli meir treffsikre på tiltak	95% av undersøkingane innan 3 mnd 98 % er gjennomført innan 3 mnd 95% av born med tiltak skal ha utarbeida plan 99% har utarbeidd plan 95% skal fylle krav til evaluering 99% fyller krav til evaluering
Borns medverknad	Samtale med alle born i undersøkingar. Samtale med alle borna som har tiltak. Dersom vi ikkje snakkar med borna skal det vere fatta ei beslutning som er begrunna. Dette vart gjennomført for 97 % av borna og ungdommane.
Bruke eigne tiltak og søke samarbeid med andre om lokale tiltak	Systematisk bruk av COS-P, PMTO, PYC, ICDP, foreldrerådjevingsprogrammet og systematisk miljøarbeid. Samarbeide med kommunane om lokale tiltak som gjev effekt.  25 familiar mottok rettleiing gjennom PMTO, COS-P, PYC, ICDP og rettleiing med miljøterapeut eller foreldrerådjevingsprogram frå tilsette i BVS.  43 born eller ungdom mottok ulik rettleiing eller miljøarbeidar med innleigd kompetanse. Fleire kommunar gjev COS-P eller anna rettleiing som lågterskeltilbod.
Gjennomføre tidleg intervensjon for barn i risiko, TIBIR	Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark gjennomførte samlingar for TIBIR-kommunane sine foreldrerådgjevarar.
Kompetanseheving	Ein tilsett med opplæring- og rettleiingskompetanse i DCM (bornesamtalen) gjennomførte opplæring av to tilsette i BVS og ein tilsett frå Tinn barnevernsteneste.  Alle tilsette i BVS deltok i 2019 i Tenestestøtteprogrammet i regi av Buf-dir, RVTS-sør og Fylkesmannen. Målet med programmet er betre og meir lik kvalitet i barnevernet. Dette er ein del av Buf-dir si satsing på kompetanseheving.
Å ha eit godt samarbeid med andre kommunale tenester	Delta i tverrfaglege samarbeidsfora. Vi er fast samarbeidspart og deltek i ulike samarbeidsfora i Vinje, Nissedal, Tokke og Seljord. Vi deltok på samarbeidsmøte med alle tannlegane i Vest-Telemark. Vi besøkte vaksenopplæringane i Seljord og Vinje kommune. Vi deltok i felles kompetanseheving i høve born og unge med alle Vest-Telemark kommunane og COS-P nettverket.
Å ha eit godt arbeidsmiljø	Låg del av sjukefråvær relatert til arbeid Det er ikkje rapportert om sjukefråvær knytt til arbeidsmiljø. Alle skal ha medarbeidarsamtale. Det blei gjennomført medarbeidarsamtaler med dei fleste medarbeidarane. Resterande hadde avtale rett etter nyttår.  Vernerunde vart gjennomført. HMS er tema på personalmøte. Det vart gjennomført brannøving.

## Aktivitetsmål for Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark

## Meldingar:

	2019	2018	2017	2016
Fyresdal	12	4	16	5
Kviteseid	19	20	21	17
Nissedal	12	21	11	7
Seljord	22	36	16	33
Tokke	14	15	11	13

## Henlagte meldingar:

	2019	2018	2017	2016
Fyresdal	0	1	5	0
Kviteseid	2	3	3	0
Nissedal	1	1	0	1
Seljord	5	5	2	4
Tokke	2	3	1	2

Vinje	38	32	23	27
-------	----	----	----	----

Vinje	8	6	4	4
-------	---	---	---	---

	Saker 2019	Tiltak i fam.	Tiltak u fam.	§ 4-12	§ 4-6	Institusjon ungdom	Institusjon foreldre/barn	Beredskapsk akutt inst.	
Fyresdal	19	14	5	3	0	0	0	0	
Kviteseid	21	16	5	5	1	0	0	1	
Nissedal	11	8	3	1	2	2	0	2	
Seljord	33	28	5	2	0	3	2	0	
Tokke	16	12	4	4	3	0	0	3	
Vinje	33	28	5	5	0	0	0	0	
<b>Total</b>	<b>133</b>	<b>106</b>	<b>27</b>	<b>17</b>	<b>6</b>	<b>5</b>	<b>2</b>	<b>6</b>	
<b>Total</b>	<b>117</b>	<b>128</b>	<b>98</b>	<b>102</b>	<b>Total</b>	<b>18</b>	<b>19</b>	<b>15</b>	<b>11</b>

**Undersøkingar:**

	2019	2018	2017	2016
	2019	2018	2017	2016
Fyresdal	19	17	18	15
Kviteseid	21	27	24	25
Nissedal	11	9	11	17
Seljord	33	38	30	32
Tokke	16	13	12	18
Vinje	33	34	34	33
<b>Total</b>	<b>133</b>	<b>138</b>	<b>129</b>	<b>140</b>
Fyresdal	12	3	11	5
Kviteseid	17	17	18	17
Nissedal	12	20	11	6
Seljord	16	31	14	29
Tokke	12	12	10	11
Vinje	27	26	19	23
<b>Total</b>	<b>96</b>	<b>109</b>	<b>83</b>	<b>91</b>

**Henlagte undersøkingar:**

	2019	2018	2017	2016
	2019	2018	2017	2016
Politi	28			
Skule	17			
Private	13			
Mor, far, føresette	12			
Barnevern	10			
Barnehage	9			
Lege, sjukehus tannlege	5			
Helsestasjon/ Skulehelseteneste	3			
Psykisk helse	2			
Familievern	2			
Familie for øvrig	2			
Nav				2
Andre offentlege				2
Anonyme				2
Barnet sjølv				1
Foreldre/ barnehg				1
Jordmor				1
Frivillige org/ idrettslag				1
Barnevernsvakt				1
Utan grunnlag				3
<b>Totalt</b>				<b>117</b>
Fyresdal	5	1	0	2
Kviteseid	13	5	11	11
Nissedal	13	13	6	3
Seljord	7	11	3	17
Tokke	11	5	7	11
Vinje	10	13	11	14
<b>Total</b>	<b>59</b>	<b>48</b>	<b>38</b>	<b>58</b>

**Barn/ ungdom med tiltak:**

**Kvæn meldte:**

**Aktivitetsmål for Barnevernssamarbeidet:**

- I Vest-Telemark har vi 31 tilsynsbarn (eit av borna var tilknytt beredskapsheim). Alle har tilsynsførar. Kravet til tilsyn pr. born er fire gonger i året. Alle tilsynsbarna fekk oppfylte krav om tilsyn.
- BVS har 24 fosterborn. Ved årsslutt budde 2 ungdommar på institusjon.
- Alle born under omsorg har omsorgsplan.
- Vi hadde seks born/saker til behandling i Fylkesnemnda i høve § 4-12. Vi fekk medhald i fire av desse, medan to gjekk til vidare utgreiing. Det vart handsama ei sak i høve § 4-24 (adferd). Barnevernet fekk medhald i denne.
- Barnevernsamarbeidet hadde sakkyndig inne i høve to born i 2019.
- Vi hadde bistand av advokat i seks saker. Ei av sakene var svært krevjande og held fram i 2020.
- Åtte familiar, 11 born/ungdom, fekk i løpet av 2019 rettleiing av innleigd psykolog.

## SAMHANDLING I VEST-TELEMARK

### Samhandlingskoordinator

Funksjonen som samhandlingskoordinator er eit spleiselag mellom Sykehuset Telemark Helseforetak og kommunane i Vest-Telemark, og er forankra i overordna samarbeidsavtale mellom partane. Ansvarsområdet er relatert til samarbeid mellom sjukehuset og kommunane, med fokus på oppfølging og revisjon av avtaler, faste fag –og samarbeidsmøte, samt ulike prosjekt og satsingsområde.

Både samarbeidsavtaler og ulike fora for samarbeid og prosjekt medverkar til gode pasientforløp og styrking av ei samanhengande behandlingsskjede. Arbeidet med desentralisert kreftbehandling og auka kvalitet og samhandling i den akuttmedisinske kjeda er døme på dette.

## TEKNISK DRIFT OG VEDLIKEHALD



Vågslid renseanlegg



Amot barnehage



Nytt Politihus - Amot

### Drift

Teknisk drift og vedlikehald hadde eit relativt normalt driftsår i 2019 med moderate snomengder, men krevjande vintervedlikehald i høve strøing av glatte vegar. Mange av dei tilsette var i perioden november - desember til mars i fullt arbeid med strøing av vegar og plassar.



Råteskader i Rauland festsal

Elles gjekk 2019 stort sett som planlagt i høve drift. Det har vore stor aktivitet med rehabilitering av aldersbustader, flyktningbustader og flytjing av kyrkjeadministrasjonen til Vinjar. Det har vore ekstraordinære vedlikehaldsutgifter i 2019 knytt til festsalen i Rauland der store fuktskader førte til at austveggen i festsalen måtte fornyast.

Vaktmeistarane er omorganisera slik at det framover berre er ein fast vaktmeister på dagtid på dei respektive stadene Edland, Åmot og Rauland. Kveldsvaktmeistarane på Vinjehuset er flutt over til eining kultur. Tilbod for publikum i Rauland og Edland er no i form av sjølvbetente løysingar (adgangskort mm). Det er litt tidleg å gjere opp status for denne endringa enno, men

målet er å effektivisere drift samt at tilbod til publikum skal vere så fleksibelt som råd.

Innanfor vatn og avløp har det vore stor aktivitet med prøvedrift av Vågslid RA. Renseresultata ser etter kvart svært bra ut, men det er enno nokon utfordringar knytt til overvaking, fjernstyring og akkreditert prøvetaking som kjem til å ta tid godt ut i 2020.

Reikneskapen frå 2019 syner eit samla overskot på om lag 2,3 mill for eininga. Mindreforbruket skuldast mellom anna at eininga fekk med seg eit mindreforbruk på kr 1,6 mill frå 2018. Sjølvkostområda vatn og avløp gjekk med eit overskot i 2019 grunna tilknytingsavgifter. Tilknytingsavgiftene utgjer omlag 50% av årsinntektene og når desse etter kvart reduserast vil årsgebyret måtte oppjusterast for å nå sjølvkost på 100%. Dei andre sjølvkostområda ligg omlag på 100% dekningsgrad.

### Investeringar

Når det gjeld investeringane for 2019 har det vore høg aktivitet. Innanfor vatn og avløp vart det nye rensesanlegget i Vågslid sett i full drift. I tillegg vart det bygd ledningsnett fram til nytt bustadfelt i Øyfell, samt til Linutvegen i Rauland. Dei to siste prosjekta held fram i 2020.

I høve bygg vart Åmot barnehage ferdigstilt og opna til nytt barnehageår i august. Bygging av nytt politihus vart starta opp i januar og ferdigstilt i november.

Vidare vart rehabilitering og påbygg av Norheimstunet ferdigstilt. I løpet av året starta ein og opp med bygging av Vinjesenteret og rehabilitering av Edland skule. Begge desse vil bli ferdigstilt i 2020.

Innanfor samferdsel vart Sagvegen oppgradert, kombinert med at området vart flaumsikra. Dette vert fullført i 2020. Det vart og bygd om lag 550 m med GS-veg langs Haddland, eit prosjekt som i stor grad vart finansiert av midlart frå stat og fylke. Det er løyvd midlar til vidare bygging her i 2020. Samstundes er det søkt fylkeskommunen om finansiering.

Det vart og, i løpet av året, gjennomført forprosjekt på oppgradering av legeavdelinga i Vinje, samt ei rehabilitering av Øyfell grendehus.

### Brann og beredskap

Totalt var brannvesenet ute på 101 utrykkjingar i 2019 mot 105 i 2018. Desse fordelte seg slik:

- 42 automatiske brannalarmer
- 20 «Medan du ventar på ambulanse»-utrykkjingar
- 25 trafikkulukker
- 8 brannar av diverse slag, skog og lyng
- 6 brannar i hus/hytter

### HMS og personale

Vinje kommune har ingen alvorlege avvik knytt opp mot forureining av ytre miljø frå avløpsanlegg. Det er heller ikkje oppdaga alvorlege avvik knytt til vassforsyning frå kommunale vassverk, eller rapportera om alvorlege hendingar knytt til drift av veg.

Sjukefråveret er på 3,6% der omlag 3 % er langtidsfråvær. Eininga arbeider for å redusere fråveret.

### Energi og klima

Som kraftkommune og turistdestinasjon med store hytteutbyggingsprosjekt må Vinje kommune ha fokus på energibruk og berekraftige klimaløysingar. Alle nye bygg og total renovering av



bygg skal gjennomførast med vurdering av alternativ oppvarming som fjernvarme, bergvarme eller liknande. Større bygg skal no ha SD-anlegg som vil gje betre styring av energibehov.

I fylgje Høgskulen i Sør Noreg har Vinje alle moglegheiter til å kunne spele ei viktig rolle som vertskap og aktør i vidareutvikling av rein energi og forvaltning av vassressursar og natur i mange aspekt. UNESCO-programmet «Man and Biosphaere» er eit av fleire incentiv-moment for å satse i denne retninga. Vinje kommune ynskjer å spele ei viktig rolle saman med kraftleverandørar og akademia i høve til samfunnsutvikling innanfor energi og klimautvikling.

## KULTUR



### KULTUR

Kultureininga i Vinje kommune er sett saman av kultursjef, ungdoms- og fritidsleiar, frivilligkoordinator, kulturskulerektor, ti kulturskulerektorar, to bibliotektilsette, ein drivar av kiosk og kjøken på Vinjehuset, to tilsynsvaktmeisterar og ein innleigd "arkivar" for drift av lokalhistorisk arkiv.

Kultur er ein viktig del av Vinje kommune sin identitet og det blir i stor grad drive av friviljug innsats og dugnad. Kommunens rolle er å vera administrator, leggje til rette og å koma med gode faglege råd.

**I 2019 blei me kåra til Årets kulturkommune i Telemark.** Det er tredje gongen me har blitt det.

### Store tilskipingar i 2019 som blei støtta av kultur

Vinterfestivalen på Rauland

Snoformingsfestivalen i Åmot

Veteran- og frigjeringsdagen 8.mai i Åmot

Fest for Sondre Bratland då han vart "Kommandør av St. Olav" på Edland

Litteraturdagane i Vinje ,som var i Åmot, på Rauland og i Edland

Eldres dag i Åmot

Fest for nye innvandrarak og TV aksjonen

Beatlesfestival "Made in Liverpool" på alle skulane og Vinjehuset

### Vinjehuset - regionalt kulturhus

Kultureininga ynskjer å gje innbyggjarane eit variert og godt kulturtilbod, men me slit til tider med å fylle huset. Det er krevjande å leggje program. Blåmann blir mellom anna bruka til juniorklubb og ungdomskafé. Me har middag kvar tysdag og konsertar av og til. Marknadsføring skjer gjennom Facebook, på heimesida til kommunen og i VTB. Folkeakademiet i Vinje stiller på dugnad slik at me får avvikla konsertar og teater på kveldstid på Vinjehuset. Bygdekinoen vitjar oss kvar 14. dag men det var litt mindre fram møte i 2019 enn i 2018. Teater Ibsen vitja oss to gonger.

## Bibliotek

Hovudbiblioteket ligg i Åmot, med filialar på Rauland og i Edland som er i kombinasjon med skulebibliotek. Det er tilskipingar cirka ein gong i veka på biblioteket i Åmot. Det er ulike tema og for ulike grupper. Det er og laga til eit eige brettspel/teiknerom i 2. etasje med bord og stolar, slik at born og ungdom kan sitje litt skjerma. I sommarmånadane var det lesekampanje for dei som går i 1.-7. klasse. For vaksne har det vore både foredrag, musikkinnslag, teater og bokformidlingar gjennom året. Omtrent ein gong i månaden er det «Levande bok» som Folkeakademiet står for saman med Vaksenopplæringa. På hausten var det ein laurdag i månaden med Eventyrleg verkstad for born i samarbeid med Folkeakademiet og frivilligkoordinator, og før jol vart det også arrangert LAN-party for ungdom i samarbeid med frivilligkoordinator.

Besøkstala på hovudbiblioteket i Åmot har ligge stabilt mellom 6-7.000 dei siste 10 åra, med eit gjennomsnitt på 6.427. I 2019 har det vore 6.793 besøkjande innom biblioteket. Desse tala er basert på manuell registrering, men biblioteket har også prøvd å bruke automatisk teljar ved døra i 2019. Teljaren viser at det har vore 7.850 besøkjande i 2019.

Når det gjeld utlån er tendensen på landsbasis at det fysiske utlånet går ned år for år, og det er også synleg her i Vinje. Gjennomsnittet for dei siste 10 åra ligg på 19.729 utlån, medan tala for 2019 viser 16.116 utlån i Vinje. Digitalt har biblioteket hatt eit tilbod om gratis utlån av e-bøker og lydbøker via applikasjonen eBokBib, men det har vist seg vanskeleg å trekkje ut nøyaktige utlånstal sidan tilbodet går på tvers av kommunegrensene i Telemark. I januar 2020 blir eBokBib erstatta med BookBites.

På filialane i Edland og Rauland har både besøk og utlån halde seg stabilt dei siste åra, sjølv om dei berre har ope ein dag i veka. Frå august 2019 har skulen i Edland vore under ombygging, og i perioden april-juni 2019 gjekk mykje arbeid med til å pakke ned, flytje og lagre heile biblioteket. Skulebiblioteket kunne flyttast til eit rom uberørt av ombygginga, men folkebiblioteket måtte ryddast vekk. Som ein konsekvens av dette har filialen i Edland berre hatt ope annan kvar veke hausten 2019.

## Kulturskulen

Kulturskulen har stabilt elevtal med 155 elevar, og det er undervising på alle fire skulane i kommunen. I Åmot er det tilbod om teater. Det er stor interesse for å vera med i kulturskulen. Det blir lagt vekt på å spele saman i grupper og fellesprosjekt med skulen, slik som rockemusical i 8.klasse. Rockemusikalen er i samarbeid med skulane. Vinje har den største mønstringa i fylket på UKM (Ung Kultur Møtes). Dei laga og folkemusikkdag for born i samarbeid med folkemusikklag. Før joleballet var det undervisning i swing for alle elevane i ungdomsskulen. Kulturskulerektor koordinerar DKS frå fylket og set opp lokale tiltak.

## Frivilligsentralen/frivilligkoordinator

Det vart tilsett ny leiar som byrja 1.august 2018. Ho har for tida kontor plass hjå kultureininga. Ho har jobba med strategiplan og handlingsplan for Frivilligsentralen. Ho har og klart å søke inn ein god del pengar i samarbeid med ulike lag i kommunen, totalt 865.000 I samarbeid med Folkeakademiet har me 11 symaskiner, til ein verdi av kr 120.000, på plass for å lage sykurs/låne ut til private og ei utstyrspakke for friluftsliv til ein verdi av kr 400.000. Alt blir lånt ut frå biblioteket.

### Den kulturelle spaserstokken

Kommunen får tilskot til dette tiltaket frå staten via fylket. Dette tilskotet var i 2019 på kr. 22.000. I tillegg brukar kultur kr 50.000 på aktivitetar knytt til dei tre institusjonane og ein del opne tilskipingar som passar for aldersgruppa 60+. Me har hatt fast vitjing frå ein lærar i kulturskulen som spelar trekkspel og piano på alle institusjonane ein dag i veka.

### Lokalhistorisk arkiv

Arkivet er plassert på Raulandsakademiet, kor ein finn 146 privatarkiv. Det har kome fire nye samlingar i 2019. Me har leigd inn arkivar kvar 14.dag. Då er arkivet ope for publikum. Besøkstalet er i gjennomsnitt 3 per gong. Historielaga brukar arkivet for å finne stoff til bøkene sine og for å ha ein triveleg møtestad.

### Kulturprisen

Kulturprisen for 2018 gjekk til Åsta Kostveit. Den blei delt ut på eit kommunestyremøte i 2019. Rauland historielaga laga til ein fin fest for Åsta i november.

### Kulturårshjulet

Det er ei avtale som 10 organisasjonar har hatt i tre år med fast tilskot til aktiviteten sin. Det er siste året med avtaler, så dei må fornyast i 2020

### Kultur - og idrettsstipend

Halvor Trondssønn Hove fekk idrettsstipendet for 2019. Kulturstipendet blei ikkje delt ut, men pengane blir brukt til ungdomstiltak.

### SLT/barne- og ungdomsarbeid

Det blei skipa til fagdagar for ungdom på dagtid og for foreldre på kvelden. Eit av tema var køyring i rus og nettvit. Eit anna tema omhandla psykisk helse med Adil Khan, som er kjent som dansar frå teater og TV. I sommar blei det laga til fleire tilbod for ungdom i samband med midlar som var søkt inn til desse tilboda. Det var blant anna tur til Sommarland og Tusenfryd. På vinteren var det tilbod om dag i skibakken og hundekøyring. Det har og vore tilbod om kino, mat og spel på Vinjehuset. Ungdomsklubben i Rauland og i Edland får støtte til sitt arbeid. Ungdomsrådet er i gang. Dei blei konstituert i desember 2019 med ivrige ungdomar.

## VINJE KYRKJELEGE FELLESRÅD

Vinje kyrkjelege fellestråd har hatt 6 møter og handsama 12 saker.

Av sakene kan ein nemne:

- Budsjett
- Årsmelding 2018
- Konstituering av nytt fellestråd
- Flytjing av kyrkjekontor.

Kyrkjekontoret flytte hausten 2019 frå Åmot til den nedlagte barnehagen ved Vinjar. Her har me fått mykje betre plass med fleire kontor og plass til t.d. konfirmantundervisning.

Vinje hadde i 2019 bispevisitas. Biskop Stein Reinertsen vitja store delar av kommunen. Besøk i moskeen i Åmot, barnehagen i Øyfjell, Akademiet m.m. Besøket vart avslutta med

visitasgudsteneste i Rauland kyrkje 12.mai. I tillegg hadde biskopen møte med ordførar og administrativ leiing i kommunen.

Drenering og grøfting av kyrkjegarden i Øyfjell vart slutført våren 2019. No er heile den nye kyrkjegarden opna for gravleggjing.

Me hadde i mai flaum på Vinje kyrkjegard der røra som ligg under vegen og kyrkjegarden ikkje klarte å halde unna vatnet etter kraftig regnvær. Det vart saman med kommunen gjort flaumdempende tiltak. Fellestrådet stod for kostnadene, mens kommunen stod for løysingane og prosjekteringa.

I samband med kommunevalet vart det og halde kyrkjeval der det vart vald nye sokneråd og nytt fellestråd.

KYRKJER	GUDSTENESTER	GRAVFERD	PERSONAR	DÅP	KONFIRMANTAR	VIGSLAR
GRUNGE	21	3	785	1	10	4
RAULAND	30	15	2557	5	12	4
VINJE/NESLAND	22	17	1360	5	10	1
ØYFJELL	13	3	440	1	0	0
TOTALT	86	38	5142	12	32	9

Kyrkjene i Vinje hadde ei auke i talet på besøkjande i 2019 på 2,5%. 5.142 personar besøkte gudstenestene i kyrkjene våre . I tillegg kjem mange andre kulturarrangement i regi av sokna og fellestrådet.

Ungdomspresten vår slutta på sommaren. Det har ikkje lukkast å rekruttere ny prest ,så halve 2019 var det to prestar i Vinje og Tokke. Nokre av gudtenestene vart leia av vikarprestar.

I Vinje kyrkjelege fellestråd var det i 2019 5,45 årsverk fordela på 8 tilsette.

## REGIONALT SAMARBEID

Vinje kommune er ein del av Vest-Telemark-regionen. Her er Vinje engasjert og involvert i mange ulike samarbeidsorgan med ulike organiseringsformer, ansvar og deltaking. Vest-Telemarkrådet har ei viktig rolle innan kontakt og samarbeid med stat, fylkeskommune, regionråd og andre organisasjonar. Vinje kommune er med i 17 ulike interkommunale samarbeid som spenner frå innkjøpsavtaler til vertskapsrollemodellar som til dømes Barnevernssamarbeidet med sete i Kviteseid.